

# MASTEROPPGÅVE

## Nynorskrettskriving

Bokmål- og talemålspåverknad i eit utval ungdomsskuleelevar si formelle skriving

Drude Elise Nordang Bale

Tal ord: 22 544

Master i Grunnskulelærerutdanning for 5-10 trinn.

Norsk

Vår 2023



HØGSKULEN  
I VOLDA

## Samandrag

Formålet med denne masteroppgåva er å undersøkje i kva grad og på kva for måtar bokmål, dialekt/talespråk og dialekt nær skriving i sosiale medium er med på å påverke rettskrivinga til eit utval elevar. Undersøkinga er tredelt og består av ei spørjeundersøking, nokre donerte chat-utdrag og ein elevtekstanalyse. Datagrunnlaget består av totalt 18 svar på spørjeundersøkinga, sju innsamla chat-utdrag og 17 elevtekstar. Deltakarane i studien er 9.- og 10.-klassingar frå ein skule i Sogndal kommune, som er eit kjerneområde for nynorsk.

I undersøkinga er det brukt ein kombinasjon av kvantitativ og kvalitativ forskingsmetode, men hovudvekta ligg på det kvantitative. Gjennom spørjeundersøkinga svara elevane på spørsmål, med i hovudsak lukka svaralternativ, knytt til eigen språkpraksis. Det vart så gjennomført ei tekstanalyse av dei donerte chat-utdraga. Og gjennom elevtekstanalysen er avvik frå nynorsknorma registrert inn i ulike avvikskategoriar. Avvika er så plasserte ut frå om dei har samanfall med bokmål, dialekt/talespråk, både bokmål og dialekt/talemål eller ingen av delane.

Resultata frå granskinga syner at 45 % av dei registrerte avvika i elevtekstane har samanfall med (berre) dialekt/talespråk, 24 % har samanfall både med bokmål- og dialekt/talespråk, medan 13 % av avvika fell saman med (berre) bokmål. Resultata frå studien syner såleis at elevar som veks opp i nynorskområde på Vestlandet, både blir påverka av dialektale former som dei brukar når dei snakkar og skriv på sosiale medium, og av bokmål, som dominerer nasjonalt, når dei skal skrive formelle tekstar på nynorsk.

## Abstract

The aim of this master's thesis is to research to what degree, and in what ways Bokmål, dialect/spoken language and dialect-like writing in social media affects the spelling of a selection of pupils. The study is divided into three parts, including one questionnaire survey, some donated chat excerpts, and an analysis of pupil texts. The data consists of a total of 18 answers on the questionnaire, seven collected chat excerpts, and 17 pupil texts. The participants in this research study are 9th- and 10th-graders from a school in Sogndal municipality.

The study consists of a combination of quantitative and qualitative research methods, with the primary focus being on the quantitative aspect. Through the questionnaire survey, the pupils answered questions mainly with closed response options, related to their own language practices. A text-analysis of the donated chat excerpts was then conducted. Additionally, through the analysis of the pupil texts, deviations from the norms of Nynorsk were identified and categorized into different deviation categories. The deviations were then classified based on their correspondence with Bokmål, dialect/spoken language, both Bokmål and dialect/spoken language, or neither.

The results from the research study shows that 45% of the registered deviations in the pupil texts correspond with (only) dialect/spoken language, 24% correspond with both Bokmål and dialect/spoken language, while 13% of the deviations correspond with (only) Bokmål. The results of the research study therefore indicates that pupils who grow up in the Nynorsk-area of Western Norway, are influenced by dialectal forms that they use when they speak and write on social media, and by Bokmål, the dominating writing-language on the national level, when they write formal texts in Nynorsk.

## Forord

Eg ønskjer først og fremst å seie tusen takk til min rettleiar Stig Jarle Helset for all hjelp, i form av nyttige innspel, konstruktive tilbakemeldingar og god oppfølging gjennom heile prosessen med masteroppgåva.

Eg vil også takke lærarane for at dei ønskte å hjelpe meg med innsamling av elevtekstar, og for at eg fekk kome på skulen for å gjennomføre spørjeundersøkinga. Ein stor takk til elevane for deltaking på spørjeundersøkinga, og for at dei ønskte å dele chat-utdrag og elevtekstar til prosjektet.

No nærmar eit fem års langt studieløp seg slutten, og eg kan sjå tilbake på mange fine og lærerike år ved Høgskulen i Volda. Eg ser no fram til nye opplevingar og utfordringar i arbeidslivet, som grunnskulelærer.

Volda, mai 2023

*Drude Elise Nordang Bale*

# Innholdsliste

<b>Samandrag</b> .....	<b>1</b>
<b>Abstract</b> .....	<b>2</b>
<b>Forord</b> .....	<b>3</b>
<b>1 INNLEIING</b> .....	<b>6</b>
<b>1.1 Bakgrunn for val av tema, formål med oppgåva og problemstilling</b> .....	<b>7</b>
<b>1.2 Strukturen i oppgåva</b> .....	<b>9</b>
<b>2 TEORI</b> .....	<b>9</b>
<b>2.1 Skriveopplæring i skulen</b> .....	<b>9</b>
2.1.2 Skifte av hovudmål i skulen.....	12
2.1.3 Skuleprestasjonar på bakgrunn av kjønn.....	13
<b>2.2 Tidlegare forskning på skriving og skriving i sosiale medium</b> .....	<b>14</b>
<b>2.3 Kodeveksling</b> .....	<b>18</b>
<b>2.4 Skrift og dialekt</b> .....	<b>19</b>
2.4.1 Sognemål.....	20
<b>3 METODE</b> .....	<b>21</b>
<b>3.1 Forskingsdesign</b> .....	<b>22</b>
<b>3.2 Kvantitativ- og kvalitativ forskingsmetode</b> .....	<b>23</b>
<b>3.3 Utval og innhenting av datamateriale</b> .....	<b>25</b>
<b>3.4 Forskingsetiske vurderingar</b> .....	<b>27</b>
<b>3.5 Kategorisering av normavvik</b> .....	<b>28</b>
<b>3.6 Studiens reliabilitet og validitet</b> .....	<b>29</b>
<b>4 RESULTAT, ANALYSE OG DRØFTING</b> .....	<b>31</b>
<b>4.1 Spørjeundersøking</b> .....	<b>31</b>
<b>4.2 Donerte chat-utdrag</b> .....	<b>37</b>
<b>4.3 Analyse av elevtekstane</b> .....	<b>40</b>
4.3.1 Funn av avvik– ei samanlikning av jentene og gutane si rettskrivingskompetanse.....	41
4.3.2 Ei samanlikning av 9. og 10. trinn .....	42
4.3.3 Talet på avvik kopla til dei ulike avvikskategoriane.....	43
4.3.4 Moglege kjelder til avvika i elevtekstane.....	53
<b>5 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON</b> .....	<b>58</b>
<b>Litteraturliste</b> .....	<b>63</b>
<b>VEDLEGG</b> .....	<b>69</b>
Vedlegg 1: Informasjons- og samtykkeskriv .....	69

Vedlegg 2: Spørjeundersøking.....	72
Vedlegg 3: Godkjenning frå Sikt .....	77
Vedlegg 4: Avviksskjema .....	78

# 1 INNLEIING

Å uttrykkje seg ved skrivning er ei mykje brukt kommunikasjonsform i skulesamanheng, men også elles i livet. Skrivning er ei av dei fem grunnleggjande ferdigheitene som Kunnskapsløftet listar opp og som elevane skal tileigne seg gjennom skulegangen. Det å kunne skrive er ein viktig reiskap for elevane både på- og utanfor skulen. Som ein reiskap er skrivning ein bidragsytar for læring og for fagleg forståing (Kunnskapsdepartementet, 2017). I læreplanen for norskfaget vert det gitt uttrykk for at det å kunne skrive inneber å «...utvikle personlege skriftlege uttrykksmåtar og å beherske skrivestrategier, rettskriving og oppbygging av tekster» (Kunnskapsdepartementet, 2019). Det å tilpasse tekstane ein skriv til både føremål og mottakar er ein vesentleg og sentral del av det elevane skal lære gjennom norskfaget, og med mykje skrivning i sosiale medium på fritida, er denne oppgåva desto viktigare i dagens samfunn. I denne samanheng er det sentralt at ein som lærar har fokus på elevane si rettskriving i formelle tekstar, og at ein gjer dei merksam på at dei må følgje norma for rettskriving. For dei fleste unge er det nemleg berre i skulen at ein får slik opplæring, og i læreplanen for norsk blir det slått fast at «Skriving i norsk innebærer å uttrykke seg med en stadig større språklig sikkerhet på både hovedmål og sidemål» (Kunnskapsdepartementet, 2019), noko som vil seie at elevane i stor grad bør, og skal, vere ganske trygge på rettskrivinga etter at dei har fullført opplæringa i grunnskulen.

I Noreg har vi to offisielle, og likestilte, skriftspråk. Dette vil seie at begge skriftspråka våre skal nyttast, utviklast og styrkast i- og gjennom det offentlege (Språkrådet, u.d.; Lovdata, 2022), noko som betyr at offentlege instansar og organ i Noreg sjølv må sørge for å nytte bokmål og nynorsk i skriftleg kommunikasjon. Sidan nynorsk er det minst utbreidde skriftspråket i Noreg må dei offentlege organa særleg bidra til å fremje og styrke nynorsken, dette nettopp for å sikre likestilling mellom skriftspråka (Språkrådet, u.d.; Lovdata, 2022). I ein statistikk publisert av Statistisk sentralbyrå i 2022 kan ein sjå at berre 1 av 9 elevar har nynorsk som sitt hovudmål i grunnskulen, noko som utgjer 11,6% av alle elevane i norsk grunnskule (Foss, 2022). I tillegg viser statistikken at det er færre elevar i dag enn for 20 år sidan som sjølv vel nynorsk som hovudmål i skulen (Språkrådet, u.d.). Forsking syner også at mange elevar som tidlegare har hatt nynorsk som hovudmål i grunnskulen, i hovudsak vel å gå over til å skrive bokmål etter fullført opplæring (Nordal, 2012, s. 30). Ei undersøking som er gjort av PROBA syner at elevar ofte byter frå nynorsk til bokmål på grunn av årsaker utanfor skulen, altså at det er bokmål som generelt dominerer i det norske samfunnet, og dei

gir uttrykk for at ulike samfunnsarenaer i stor grad påverkar dei til å bli betre skrivarar i bokmål enn i nynorsk (Staalesen, 2014, s. 4).

Språket vårt og måten vi kommuniserer på er i kontinuerleg endring. Dette kan vi spore tilbake til røtene for våre skriftspråk. Språkhistoria syner at språket har vore i endring og er i stadig endring, og no i den digitale tidsalderen mykje meir enn tidlegare. Dersom vi spør unge i dag om kor mykje tid dei brukar framfor ein skjerm, både i form av mobil, tv, iPad eller pc, vil vi truleg nok få eit ganske så høgt tal timar til svar. Ein kan difor ikkje forvente at dei ikkje vert påverka av det dei ser, les og skriv. Det at nynorsk er eit mindretalsspråk gjer i mange tilfelle at vi både i skule og dagleglivet vert mindre eksponerte for nynorsk enn bokmål gjennom til dømes offentlege dokument og i sosiale medium. Med så mykje bokmål som det er i digitale medium er det heller naturleg at nynorskelevar, i større grad enn bokmålselevar, møter på utfordringar når det kjem til rettskriving. Helset & Brunstad (2020) argumenterer for at nynorskbrukarar, i større grad enn brukarane av fleirtalsspråket, er fleksible når det kjem til språk, nettopp fordi nynorskbrukarar «...opererer i eit skriftkulturelt felt som er prega av både bokmål, nynorsk og dialektprega skriving på ulike digitale flater der nynorsken er eit mindretalsspråk i høve til bokmålet» (s. 94).

## **1.1 Bakgrunn for val av tema, formål med oppgåva og problemstilling**

Det å undersøke korleis nynorskbrukarar si skriving vert påverka av både bokmål og dialekt/talespråk er noko eg tykkjer er svært interessant. Eg har gjennom fleire praksisperiodar i løpet av MAGLU-studiet lagt merke til at det er ein gjengangar at elevar med nynorsk som hovudmål er påverka av både eiga dialekt, men også bokmål, når dei skriv tekstar i ein skulesamanheng. Mykje av det nynorskelevane både ser, høyrer og les av informasjon på skulen og elles i samfunnet er på bokmål, og det er grunn til å tru at den nasjonale dominansen til bokmålet påverkar dei, kanskje ofte utan at dei sjølve er medvitne om denne påverknaden. I tillegg tyder mine observasjonar frå praksis på at nynorskelevane har problem med å skilje mellom eigne dialektale former som *er* tillatne i nynorsk, og dialektale former som *ikkje* er det. Eg tykkjer det er særleg interessant å sjå på om avvik frå nynorsknorma som har samanfall med dialekt kan ha ein samheng med, eller vere forsterka, av at mange av nynorskelevane ofte brukar dialekt når dei skriv til kvarandre i ulike sosiale medium. Som komande lærar tykkjer eg at det er spennande å få sjå nærare på dette temaet,



spesielt med tanke på at bruken av både chatteforum og sosiale medium er i stadig vekst, samstundes som ein veit at svært mange unge nyttar dialekt i digital kommunikasjon, spesielt då med vennar og familie (Helset & Brunstad, 2020, s. 108).

Det at eg sjølv har vakse opp i ein nynorskkommune, med nynorsk som hovudmål, gjer også at eg er ekstra interessert i å sjå på i kva grad elevane meistrar å halde på-, og ikkje minst ivareta nynorsken. Då eg gjekk på grunnskulen var sosiale medium også tilgjengelege, men mitt inntrykk er at vi nytta det i langt mindre grad enn det barn og unge i dagens samfunn gjer. Ein annan skilnad no i høve tidlegare er at store delar av læreverk og anna materiale som blir nytta i undervisning er på digitale medium. Mykje av det materialet ein har tilgang til gjennom digitale medium er heller ikkje tilrettelagt for nynorsk, og elevane må dermed lese bokmål der nynorsk ikkje er eit alternativ. Og i mange av tilfella der nynorsk er tilgjengeleg, er læreverka på nett allereie innstilt på bokmål, noko som gjer at ein sjølv må velgje å byte til nynorsk. Mange elevar, men truleg også lærarar, er ikkje klar over denne at denne funksjonen finst, og dermed er det mange elevar som arbeider på bokmål fordi dei ikkje er merksam på å byte målforn. Dette kan føre til at nynorskelevar i enda større grad les bokmål, også i skulen. Når eg sjølv gjekk på barne- og ungdomsskule var det stort sett læreverk i fysisk form vi hadde tilgang til- og som vi dermed nytta i undervisninga. Eg tenkjer difor at barn og unge i dag vert eksponert for bokmålspåverknad i mykje større grad enn det ein var tidlegare, noko som kan vere ein faktor som kan vere med på å påverke elevane si rettskriving i nynorsk.

Formålet med denne studien er difor å undersøkje i kva grad eit utval ungdommar med nynorsk som hovudmål meistrar å skrive korrekt nynorsk. Ved å analysere elevtekstar vil eg kunne finne fram til vanlege avvik frå norma. Og sett i lys av resultata frå spørjeundersøkinga og utdrag frå chattar som ungdommane donerer til meg vil eg kunne kartleggje i kva grad desse avvika kan sjåast i samanheng med påverknad frå bokmål, dialekt/talespråk og/eller dialekt nær skriving i sosiale medium. På grunnlag av dette har eg formulert følgjande forskings spørsmål:

*I kva grad og på kva for måtar er bokmål, dialekt/talespråk og dialekt nær skriving på sosiale medium med på å påverke 9.- og 10.- klassingane ved ein ungdomsskule i Sogndal kommune skuleåret 2022/2023 si rettskriving slik ho kjem til uttrykk gjennom formelle nynorsktekstar som dei har skrive i skulen?*

I dette vil eg også granske i kva grad det er skilnader i rettskrivingskompetansen til høvesvis gutane og jentene som er med i utvalet.

## **1.2 Strukturen i oppgåva**

Eg har valt å dele denne oppgåva opp i fem hovudkapittel, inkludert dette innleiingskapittelet (kapittel 1), der eg har presentert sentrale delar av temaet for oppgåva, og kort om nynorsken si rolle i skulen og samfunnet. Vidare vil eg presentere relevant teori i kapittel 2.

Teorikapittelet består blant anna av ulike teoretiske perspektiv og omgrepsforklaringar. I kapittel 3, som er metodekapittelet, vil eg presentere oppgåva si metodiske tilnærming og gå nærare inn på sjølve gjennomføringa av studien. I det fjerde kapittelet har eg valt å slå saman resultat, analyse og drøfting. Eg kjem difor til å presentere resultata og analysen av datamateriale og drøfte dette i lys av det teoretiske bakteppet for oppgåva. Kapittel fire er tredelt, eg presenterer først resultata frå spørjeundersøkinga, deretter funna frå chat-utdraga, og så funna frå elevtekstanalysen. Til slutt, i kapittel 5, vil eg leggje fram oppsummering og konklusjon for studien.

## **2 TEORI**

I dette kapittelet vil eg gjere greie for tidlegare forskning på feltet skriftspråksopplæring, og på dette grunnlaget gjere greie for sentrale omgrep og teoretiske perspektiv for studien.

Kapittelet er delt opp i fire delkapittel, der det første delkapittelet tar føre seg skriveopplæringa i skulen. Det andre delkapittelet viser til tidlegare forskning på skrivning og sosiale medium. Det tredje handlar om kodeveksling, som er eit sentralt omgrep for denne studien, medan det siste og fjerde delkapittelet handlar om tilhøvet mellom dialekt og skrift. Dette delkapittelet inneheld eit underkapittel som tek føre seg sognemålet, som er særleg sentralt for denne studien.

### **2.1 Skriveopplæring i skulen**

Norskfaget har eit særleg ansvar når det kjem til å lære elevane å skrive. Det å kunne skrive er ei ferdigheit som er svært nyttig, og nødvendig, å meistre i eit samfunn der store delar av kommunikasjonen skjer nettopp gjennom skrift. Det aller meste av det vi skriv i dag vert skrive ved hjelp av digitale verktøy, og ein god del av denne skrivinga føregår i sosiale

medium. I jobb- og skulesamanheng har vi ofte ei meir formell tilnærming i måten vi skriv på, medan det i større grad er ein uformell tone når vi chattar med venner eller kjende på sosiale plattformer gjennom mobil eller pc. Måten ein skriv på er altså i stor grad prega av situasjon, sjanger, kven vi skriv til og kva medium vi skriv i (Helset, 2021).

På utdanningsdirektoratet sine sider står det skrive at norskfaget er eit «tekst- og kommunikasjonsfag» (Utdanningsdirektoratet, 2021). Dette tyder på at elevane, gjennom norskfaget, skal bli gode til å kommunisere ved bruk av skrift og tekst. For at elevane skal bli gode til å kommunisere gjennom skrift må skriveopplæringa i skulen leggje til rette for at elevane får utvikle varierte strategiar som gjer dei til gode lesarar og skrivarar (Utdanningsdirektoratet, 2021). Ein del av det elevane skal oppnå gjennom skriveopplæringa i skulen er å utvikle ulike skrivestrategiar. Skrivestrategiar kan handle om så mangt, men når det kjem til den såkalla revisjonsfasen av skrivinga, er det ortografi og teiknsetjing som står i sentrum (Kringstad & Kvithyld, 2015). Elevane skal altså kunne revidere sine eigne tekstar, ved bruk av strategiar dei har opparbeida seg, noko som vil seie at dei skal kunne kjenne att ortografiske avvik frå norma og rette opp i desse. At elevane skal meistre dette krev også at lærarane har god kompetanse i nynorsk, slik at dei kan rettleie elevane på best mogleg måte.

Anne Liv Steinsvik Nordal (2012, s. 30) hevdar at elevar med nynorsk som hovudmål har behov for ei anna skriveopplæring med tanke på nynorsk, enn det elevar med nynorsk som sidemål har. Ho argumenterer også for at det er viktig at både lærarar og lærarstudentar innehar kunnskap om denne tilpassinga. Det har i ein undervisningssamanheng mykje å seie for elevane at læraren som underviser elevar med nynorsk som hovudmål, sjølv skriv nynorsk. Nordal (2012, s. 31) gir uttrykk for at det er ein dokumentert og tydeleg samanheng mellom elevane sine resultat, læraren si faglege innsikt og haldningane læraren har til læringsmålet. For at elevane med nynorsk som hovudmål skal bli gode til å skrive nynorsk, er dei difor avhengige av at lærarane i alle fag legg til rette for nynorsk, og at lærarane sjølve er positive til målforma.

### 2.1.1 Rettskriving og grammatikk

Grammatikkundervisning er ein viktig del av skriveopplæringa, nettopp fordi grammatisk kompetanse er ein stor del av elevane sin skriftlege kompetanse. Grammatikk og rettskriving

er ikkje det same, men grammatikken har ei viktig betydning for rettskrivinga (Tonne, 2018, s. 196). Hjalmar Eiksund (2021) viser i doktorgraden sin til Hudson (2017), som gir uttrykk for at grammatikkundervisning kan bidra til å forsterke elevane sitt grammatiske medvit, noko som vil kunne vere ein positiv bidragsytar for deira generelle skrivekompetanse (s. 39). Grammatikken handlar om å forstå språket, og ein må difor arbeide med grammatikken slik at rettskrivinga blir forståeleg.

Hausten 2011 vedtok Kulturdepartementet ei ny norm for rettskriving av nynorsk som blei gjort gjeldande frå 1.8.2012. Jamført med rettskrivingane av 1917, 1938 og 1959 kan gjeldande rettskriving for nynorsk seiast å vere kjenneteikna av tre hovudtrekk. For det første er 2012-normalen danna på sjølvstendig grunnlag, uavhengig av nynorsk. For det andre er det tidlegare skiljet som var mellom hovudformer og sideformer oppheva, slik at ein no berre har anten eineform eller to eller fleire jamstilte former ved staving og bøyning av eit ord. For det tredje har ein tatt ut ei rekkje både radikale og konservative former som var tillatne i tidlegare rettskrivingar. På denne måten meinte ein å ha oppfylt eit vedtak gjort av styret i Språkrådet (2007) om at ein skulle lage «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer» (Språkrådet, 2021, s. 13). Ikkje dess mindre finn ein framleis valfridom i staving og bøyning for svært mange ord også i gjeldande rettskriving. Dette kan vere ei føremon for elevar som skal lære seg å skrive korrekt nynorsk på den måten at dei innanfor visse rammer kan velje former som ligg nær si eiga dialekt (Språkrådet, 2002). For rettskrivingsnemnda var det viktig at nynorskbrukarane skulle kunne kjenne seg att i dei nye rettskrivingsreglane, difor kom desse reglane med fleire valfrie former (Fretland & Søyland, 2013, s. 93). Samstundes kan denne valfridomen også virke forvirrande, på den måten at det kan vere vanskeleg å ha oversyn over kva for former som er tillatne og kva for former som ikkje er det, både for elevane og for norsklærarane som skal rettleie elevane i korrekt bruk av nynorsk (Språkrådet, 2002).

I norsk, som i andre etablerte skriftspråk, har vi det vi kallar for eit normert skriftspråk. Dette vil seie at noko er riktig- og noko er avvik frå skriftspråket. Tonne (2018) seier at det fonologiske prinsippet og det morfologiske prinsippet for rettskriving er dei to overordna rettskrivingsprinsippa i språket vårt i dag (s. 196). Det fonologiske prinsippet for rettskriving handlar om at skrifta og uttalen av ordet skal vere mest mogleg likt, medan det morfologiske prinsippet legg vekt på at «...rettskrivingen skal gjenspeile hvordan et ord er bygd opp, altså

reflektere morfologien til ordet» (Tonne, 2018, s. 196). For at elevane skal kunne sjå denne koplinga mellom lyd og bokstav, er det difor viktig at elevane har opparbeida seg god metaspråkleg bevisstheit (Tonne, 2018, s. 198). Metaspråkleg bevisstheit vil kort fortald seie at ein meistarar å skilje mellom «...språklig form og språklig innhold» (Palm, 2019, s. 136).

### 2.1.2 Skifte av hovudmål i skulen

Når ein går på barneskule må ein nytte det hovudmålet som er bestemt av kommunen der skulen finn stad, men når ein er komen over på ungdomstrinnet har ein derimot sjølv rett til å velje det hovudmålet ein ønskjer (Foss, 2022). Ifølgje ein statistikk på SSB sine sider tyder tala på at det er ein nedgang i elevar og kommunar som vel nynorsk som hovudmål (Foss, 2022). Kirsti Lunde (2020, s. 119) hevdar at det å skifte skriftspråk frå nynorsk til bokmål er relativt vanleg, og særleg då i dei områda der bokmål dominerer og i såkalla «randsoner», det vil seie område der bokmål er i ferd med å overta den tidlegare dominansen til nynorsk. Ho strekar også under at sjølv i område der nynorsk er det dominerande språket møter språkbrukarane i stor grad på bokmål i det daglege livet. Dette er naturleg og skjer på grunn av statusen bokmål har i samfunnet generelt, sidan det er majoritetsskriftspråket i Noreg (Lunde, 2020, s. 120).

Ifølgje Lunde (2020) er språkskifte «...eit kontaktfenomen som oppstår som fylgje av at ulike folkegrupper med ulike språk er i kontakt med kvarandre» (s. 121). Ofte skjer eit slikt språkskifte på grunn av at det oppstår ein asymmetrisk maktrelasjon mellom to grupper, der det er majoriteten som dominerer over minoriteten. Eit slikt skifte kan gå føre seg på ulike måtar, og det vanlegaste er at personen eller gruppa skiftar språk gradvis, ved bruk av kodeveksling, eller at ein skiftar språk/skriftspråk fullstendig (Lunde, 2020, s. 121). I tillegg til slike ytre påverknadsfaktorar, som miljø og sosiale nettverk, spelar også individorienterte faktorar ei rolle i ein slik prosess. Med individorienterte faktorar meiner ein individet sine haldningar og ferdigheiter knytt til dei ulike språka i språksamfunnet, og i tillegg handlar det om kva språk og skriftspråk individet sjølv identifiserer seg med (Lunde, 2020, s. 122). I forskinga til Lunde (2020) konkluderer ho med at samfunns- og miljøfaktorar er dei mest avgjerande faktorane for at ein person eller ei gruppe vel å skifte frå bokmål som hovudmål til nynorsk som hovudmål, medan det i større grad er dei individorienterte faktorane som er avgjerande når ein vel å skifte frå nynorsk til bokmål som hovudmål (s. 139).

### 2.1.3 Skuleprestasjonar på bakgrunn av kjønn

Ifølgje Statistisk sentralbyrå presterer jenter gjennomsnittleg på eit høgare nivå enn gutane i grunnskulen (Perlic, 2019). Til tross for at prestasjonane til både jentene og gutane har auka med åra, noko grunnskulepoenga syner, har ikkje skilnadane mellom kjønna blitt mindre (Perlic, 2019). Ein statistikk av SSB syner at kjønsskilnadane i skulen er størst når det kjem til norsk hovudmål og sidemål, og i dei praktisk-estetiske faga mat og helse og kunst og handverk, medan kjønsskilnadane er minst i matematikkfaget (Perlic, 2019).

Jenter og gutar i ungdomsskulealder er i mange tilfelle på ulikt nivå når det kjem til modning. Grøgaard & Arnesen (2016) har forska på kjønsskilnader med tanke på prestasjonar i skulen, og dei har sett på om det kan skuldast at det er ulik modning mellom gutane og jentene. Dei gir i artikkelen sin uttrykk for at det er godt dokumentert at det i grunnskulealder er tydelege skilnader i skuleprestasjonar fordelt på kjønn, og at jentene er det kjønn som jamt over presterer best (Grøgaard & Arnesen, 2016, s. 42). Ifølgje Grøgaard & Arnesen (2016) er skilnadane ganske små på barnetrinnet, så aukar dei gradvis i løpet av ungdomstrinnet, før det i vidaregåande skule jamnar seg litt meir ut (s. 42). Dei aller største skilnadane når det kjem til prestasjonar på grunnlag av kjønn finn ein altså i ungdomsskulealder. Granskinga deira syner at kjønsskilnadane i liten grad er påverka av eleven sin sosiale bakgrunn, og dei skriv at «...også i denne undersøkelsen er det et mønster i kjønnsforskjellene i kognitive ferdigheter som ikke tilsier at jenter skulle prestere vesentlig bedre enn gutter i for eksempel morsmål og språkfag» (Grøgaard & Arnesen, 2016, s. 60).

Anders Bakken (2008) har også forska på kjønnsforskjellar i skulen, og i samsvar med det Grøgaard & Arnesen skriv, seier Bakken at «...kjønnsforskjeller i skoleprestasjoner er nokså robuste på tvers av kontekster, siden de bare i begrenset grad er betinget av elevens sosiale klassebakgrunn og minoritetsstatus» (Bakken, 2008, s. 90). Han gir også uttrykk for at det jamt over er store skilnader med tanke på skuleprestasjonar innanfor begge kjønn, og at kjønnsforskjellane ofte varierer mykje ut frå kva fag det er snakk om, ein kan difor ikkje sjå på jentene som vinnarar i skulen, og gutane som taparar, til tross for at kjønn spelar ei viss rolle når det kjem til elevar si læring (Bakken, 2008, s. 92).

## 2.2 Tidlegare forskning på skriving og skriving i sosiale medium

Den tekstkulturen som barn og unge er ein del av i dag, er ikkje den same som tidlegare. Tekstkulturen og tekstpraksisane endrar seg heile tida, og i takt med resten av samfunnet. Tekstane er no i stor grad digitaliserte, og unge både les og skriv difor oftare og meir av digitale tekstar enn analoge tekstar. Det er i mange tilfelle eit skilje mellom språket elevane nyttar på fritida, og språket dei skal nytte i skulefagleg samanheng (Juuhl & Michelsen, 2020, s. 14). Unge i dag brukar mange timar framføre mobil- og dataskjerm, utanom skulearbeid. Dette vil altså seie at mykje tid går med til sosiale medium (Helset, 2021). Det er såleis godt mogeleg at evna til å skrive korrekt nynorsk i formelle tekstar vert påverka av måten dei unge skriv på i sosiale medium. Ifølgje Jan Olav Fretland & Aud Søyland (2013) og ein studie av Helset & Brunstad (2020) finn ein meir bruk av dialekt på sosiale medium og i tekstmeldingar enn elles, på grunn av at slike teksttypar er knytt til eit meir avslappa forhold til rettskriving (s. 19).

Stig Jarle Helset (2021) nemner i artikkelen *Norm competence among multilingual youth in Western Norway* omgrepet *netspeak*. Dette er eit omgrep som omhandlar eit språk der ein kombinerer talespråket og skriftspråket, som er noko ein typisk gjer når ein skriv i sosiale medium. Øystein A. Vangsnes (2021) støttar også opp om dette, og ifølgje han er sosiale medium ein bidragsytar når det kjem til å gjere den skriftlege kommunikasjonen meir lik talemålet (s. 103). Vangsnes og Unn Røyneland (2020) skriv at sosiale medium «...utfordrar det tradisjonelle skiljet mellom normert og standardisert skriftspråk og inviterer til kreativ og refleksiv språkbruk» (s. 357). Dette vil altså seie at unge i dagens samfunn i stor grad blandar det normerte skriftspråket med dialekt- og talemålsnære ord.

Audhild Gregoriusdotter Rotevatn introduserte i 2014 omgrepet «snakkeskriving» i si masteroppgåve, der ho forska på nynorsk skriftkultur. Ho forklarar omgrepet slik: «Det er eit uttrykk som skildrar språket i sosiale medium: skrifta har ei munnleg form med sterke innslag av dialekt og bryt med det offisielt normerte språket» (Rotevatn, 2014, s. 9). Det er ulik grad av normering når det kjem til tale- og skriftspråk. Det ligg i mykje større grad føringar for korleis vi skal opptre språkleg når vi skriv, kontra når vi snakkar. Skriftspråket er prega av «...reglar for korleis ein skal skrive, ein grammatikk, eit rettskrivingssystem» (Rotevatn, 2014, s. 14). Normene som er knytt til språket endrar seg over tid, på grunn av ein individuell og

kollektiv påverknad. Ho fann også at «emotikons», eller «kjensleord» som ho kallar det, er mykje brukt på Facebook og i sosiale medium. Såkalla «emotikons», også kjend som «Emoji's», er små symbol og smilefjes. Desse symbola og smilefjesa er både avanserte og samansette, og blir i mange tilfelle brukt for å forsterke eller uttrykkje kjensler (Rotevatn, 2014, s. 16).

Stian Hårstad (2021) har også forska på språkbruk på digitale arenaer, og han skriv at «...for å sammenfatte kan det være riktig å si at den digitale skrivinga har avfødt *sosiolingvistiske endringer* i større grad enn *lingvistiske endringer*» (s. 38). Han gir også uttrykk for at «Den *normpluraliseringa* språkforskere mener å påvise som følge av at stadig flere deltar i digital skriving, kan altså primært sies å være ei *sosiolingvistisk endring*» (Hårstad, 2021, s. 38). Som ein kontrast til Helset (2021) og Røyneland & Vangsnes (2020) meiner han altså at det i større grad er den sosiale praksisen, som språket er ein del av, som er i endring, og at sjølve strukturen i språket i mindre grad er påverka av skriving på dei digitale arenaene.

Anna Kirsten A. Hellevang (2020) skriv i si masteroppgåve, med tittelen *Normkompetanse hos vg-3 elevar med nynorsk som hovudmål*, om rettskriving og mogleg påverknad frå både bokmål og dialekt. I studien hennar har ho gjennomført ei spørjeundersøking, samla inn elevtekstar og gjennomført intervju med eit lite utval av informantane, der alle informantane var frå Nordfjord og Sunnfjord (Hellevang, 2020). Ho finn i sin studie ut at elevane i stor grad er påverka av bokmål, som utgjer 33% av avvika, men analysen hennar viser også at elevane i stor grad er påverka av dialekt, då dialektavvik ligg like under bokmålsavvik med 30 %. I tillegg til dette finn ho at 12 % av avvika i elevtekstane samsvarar med både bokmål- og dialektpåverknad (Hellevang, 2020, s. III). I studien hennar finn ho aller flest avvik knytt til vokalisme (21 %), konsonantisme (24 %) og verbbøying (25 %). Avslutningsvis gir ho uttrykk for at snakkeskrivinga som elevane driv med på fritida, ikkje har påverka rettskrivinga i dei formelle tekstane i merkverdig grad (Hellevang, 2020, s. 111).

Thea Øvregard Røhme gjennomførte i 2020 ein kvalitativ studie knytt til bokmåls- og talemålsavvik i eit utval elevtekstar. Utvalet hennar bestod av 44 elevar frå 6. trinn, i området Indre Sogn, med nynorsk som hovudmål. Dei innsamla elevtekstane i datamaterialet hennar utgjer totalt 7095 ord, der 636 av desse orda er registrerte som avvik frå norma. Tekstane ho



har samla inn er kortsvarsoppgåver, som gjennomsnittleg ligg på 161,25 ord, noko som i snitt gjev 8,96 avvik per 100 ord (Røhme, 2020, s. 33). Ho finn at 47% av avvika frå nynorsknorma har samanfall med bokmål medan 17,6% av avvika kan seiast å vere knytt til elevane sitt talemål (Røhme, 2020, s. 48). I granskinga hennar er det registrert flest avvik knytt til vokalisme, verbøying og heile ord (Røhme, 2020, s. 49). Undersøkinga hennar viser at jentene i stor grad har fleire bokmålsavvik enn gutane, og at gutane har eit litt større tal avvik knytt opp mot talemålet sitt enn det jentene har (Røhme, 2020, s. II). Røhme (2020, s. 50) konkluderer med at elevar med nynorsk som hovudmål blandar inn både bokmåls- og talemålsavvik i tekstane sine, og seier at dette er ei utfordring som må undersøkjast og som i større grad må rettast merksemd mot.

Eli Bjørhusdal & Gudrun Kløve Juuhl (2017) har også forska på nynorskelevar sine tekstar. I artikkelen «Bokmålsavvik frå nynorsknorma i sjetteklassetekstar» undersøkte dei bokmålssamanfall i nynorsktekstar, skrivne av elevar på sjette trinn (Bjørhusdal & Juuhl, 2017). Granskinga tek føre seg 113 elevtekstar, som er skrivne av 26 elevar. Ut frå granskinga dei har gjort av datamaterialet finn dei eit gjennomsnitt på 9,8 avvik per 100 ord (Bjørhusdal & Juuhl, 2017, s. 93). I granskinga har Bjørhusdal & Juuhl ikkje berre registrert avvik som kan seiast å ha samanfall med bokmål, men dei har registrert eit totalt omfang avvik. Av det totale gjennomsnittet avvik på 9,8 per 100 ord kan 4,2 av desse seiast å ha samanfall med bokmålsnorma (Bjørhusdal & Juuhl, 2017, s. 101). Den største avvikskategorien med samanfall frå bokmål er leksem som bryt med nynorsknorma, medan den største avvikskategorien generelt sett er kopla til feil med dobbel konsonant. Ut frå resultatet av granskinga argumenterer forskarane for at elevar med nynorsk som hovudmål, i større grad enn elevar med bokmål som hovudmål, treng meir tid på å meistre rettskrivinga (Bjørhusdal & Juuhl, 2017, s. 116).

Aud Søyland gjennomførte i 2002 ei gransking som omhandlar kva nynorskbrukarar i størst grad strevar med, kopla til nynorsknorma. Denne granskinga vart gjennomført i samband med at Norsk Språkråd var i gang med arbeidet av ein revidert versjon av nynorsknormalen (Søyland, 2002, s. 1). I granskinga hennar har ho registrert typiske avvik i elevtekstar ho har henta ut frå det såkalla KAL-materialet frå 2000. Datamaterialet består av totalt 269 tekstar, fordelt på 16 nynorskklassar, skrivne av elevar på 10. trinn. Ho har registrert avvik i substantiv, leksem og bøyning, samt avvik i verb, leksem og bøyning, i tillegg har ho også registrert avvik i

samsvarsbøying av sterke partisipp og i adjektiv på -en, og avvik i visse pronomen (Søyland, 2002, s. 6). Ut frå datamaterialet hennar er substantivbøying, verbbøying og feil leksem det elevane strevar mest med. Søyland (2002) trekker særleg fram tre tendensar som er kopla til substantivbøying, og det er at elevane slit med å bøye substantiv ut frå kjønn, dei er heller ikkje konsekvente når det kjem til bøying av enkeltsubstantiv, og dei syner også å ha vanskar med fleirtalsbøying til tross for at dei er klar over kva kjønn ordet har i eintalsform (s. 18). Ho trekker også fram tre tendensar som er kopla til verbbøying, og det er at elevane varierer mellom ulike bøyingsmønster, at dei ikkje er konsekvente når dei bøyer enkeltverb, og at dei er usikre på bøying av sterke og svake verb. Med tanke på avvik i leksem finn ho nokre fellestrekk for både substantiv og verb, og det er at forma som er endra i stor grad samsvarar med det tilsvarande ordet på bokmål, medan andre avvik i leksem ofte har eit dialektgrunnlag (Søyland, 2002, s. 18).

Hjalmar Eiksund (2020, s. 27) har i sin studie «*Å kunne skilje nynorsk frå bokmål og dialekt – Skriveutvikling hos eit utval elevar frå sjette til tiande trinn*» følgt fem elevar si utvikling av skriveferdigheiter, der han i hovudsak ser på «...korleis samspelet mellom talemålsnær skriving og bokmålspåverknad kan prege rettskrivinga til elevar med nynorsk som hovudmål». Av desse fem informantane var det to av dei som hadde nynorsk som hovudmål, medan tre av dei hadde bokmål som hovudmål. Han følgde desse elevane over ein lengre periode, altså frå sjette trinn til tiande trinn. Datamaterialet i studien, som i hovudsak består av elevtekstar skrivne i skulen, er henta frå- og samla inn i samband med Normprosjektet frå 2012-2016 (Eiksund, 2020). Han har registrert avvik i elevtekstane og sortert desse etter tre hovudkategoriar. Desse kategoriane er fonografisk unøyaktige feil, fonografisk nøyaktige feil og morfemfeil, i tillegg til desse har han ein kategori som tek føre seg alle andre avvik, som ikkje kan plasserast innanfor dei tre hovudkategoriane (Eiksund, 2020, s. 38). Resultata av studien syner at det er ein skilnad i avvika ein finn i tekstane til elevane med bokmål som hovudmål og tekstane til elevane med nynorsk som hovudmål. Bokmålelevane har fleire avvik knytt til orddeling og fonografisk unøyaktige normavvik (knytt til dobbel konsonant) enn elevane med nynorsk som hovudmål, medan elevane med nynorsk som hovudmål i stor grad har fleire normavvik innanfor to av hovudkategoriane, som då er fonografisk nøyaktige avvik og morfemfeil (Eiksund, 2020, s. 41). Resultata syner også at elevane med nynorsk som hovudmål strevar meir med rettskriving og formverket av språket etter kvart som dei vert

eldre, noko som er motsett med elevane som har bokmål som hovudmål, der syner resultatata at avvika gradvis avtek når dei vert eldre (Eiksund, 2020, s. 54).

Stig J. Helset (2021) forska i studien *Norm competence among multilingual youth in Western Norway* på normkompetanse blant fleirspråklege elevar på Vestlandet. Informantane i studien hans var elevar frå Stord, Sogndal og Volda, med nynorsk som hovudmål. Informantutvalet bestod av 668 elevar, der 358 var jenter og 310 var gutar. Elevane i utvalet var fordelt på 8. (32 %), 9. (26 %) og 10. trinn (42 %) (Helset, 2021, s. 10). Studien hans er todelt, den første delen er ei spørjeundersøking som vart gjennomført av alle dei 668 elevane. Den andre delen av studien hans er ei analyse av tekstar skrive av eit utval elevar (som deltok på spørjeundersøkinga). Dette utvalet bestod av elevar frå 10. trinn i Volda, og tekstane han analyserte var tentamenstekstar. Totalt vart 84 elevtekstar og 101 758 ord analysert, og gjennomsnittslengda på tekstane i dette datamaterialet var på 1211 ord. Det vart totalt funne 4353 avvik i tekstane, noko som vil seie at det i snitt var 51,8 avvik per tekst. I granskinga finn han at jentene har færre avvik per 100 ord enn det gutane har. Jentene har i snitt 3,7 avvik per 100 ord, medan gutane i snitt har 5,5 avvik per 100 ord. Granskinga hans syner at elevar har vanskar med å skilje mellom nynorsk, bokmål og dialekt nær skriving. Dette kan tyde på at elevane i stor grad er påverka av bokmål og dialekt nær skriving frå sosiale medium (Helset, 2021, s. 26). Helset (2021) argumenterer avslutningsvis for at den nasjonale dominansen av bokmål er med på å gjere at elevane møter på meir bokmål enn nynorsk i kvardagen, og seier at valfridommen innanfor nynorsk rettskriving kan vere med på å forvirre elevane sidan enkelte av stavemåtane kan oppfattast nokså like dialektene. Han konkluderer difor med at det er ein tett samanheng mellom den fleirspråklege situasjonen til ungdom med nynorsk som hovudmål og påverknaden frå både bokmål og dialekt i formelle tekstar (Helset, 2021, s. 27).

### **2.3 Kodeveksling**

Stian Hårstad (2010, s. 59) skriv om at språket vårt både er eit sosialt og eit kulturelt fenomen, og at måten vi kommuniserer og opptrer på difor varierer frå situasjon til situasjon. Når ein kommuniserer ved å kombinere såkalla talenormert og standardnormert språk, seier ein at språkbrukaren driv kodeveksling (Folkvord, 2020, s. 20). Petter Steensnæs Morland (2020) skriv at «Kodeveksling kan (...) både sees på som en ren påvirkning fra et språk til et annet, samtidig som det kan fungere som en identitetsmarkør og som skille mellom hvem som

anerkjennes som medlem av et samfunn eller en gruppe, og «de andre»» (s. 26).

Kodeveksling var lenge i hovudsak eit omgrep knytt til talespråk, men er i nyare tid også brukt om skriftleg kommunikasjon. Jannis Androutsopoulos (2013) hevdar at når det skjer kodeveksling i munnleg tale, vil det også med stort sannsyn førekomme i skriftleg språk på sosiale medium. Hjalmar Eiksund (2019) skriv om skriftspråkveksling som ein type kodeveksling, der språkvekslinga skjer gjennom skriftlege ytringar eller samtalar (s. 52). Han er også samd i at skriftleg språkveksling kan knytast til-, eller sjåast i samanheng med munnleg kodeveksling (Eiksund, 2019, s. 53).

Helset & Brunstad (2020) skriv om ei systematisk veksling mellom nynorsk, bokmål og dialekt, noko som vil seie at «...språkvekslinga følgjer eit mønster for kva som «passar» og «ikkje passar» i ulike tekstkulturelle samanhengar» (s. 97). Som språkbrukarar tilpassar ein altså språket, både munnleg og skriftleg, ut ifrå den relasjonen eller den situasjonen ein er i. I artiklane til Helset (2021) og Helset & Brunstad (2020) vert det argumentert for at nynorskungdommen er språkvekslarar, men at denne omfattande språkvekslinga kan bidra til å skape forvirring. Eiksund (2019) gir derimot uttrykk for at kodeveksling kan «...vere eit nyttig verktøy i kontakt med omverda», nettopp fordi at vekslinga representerer ein variert språkkompetanse der språka som vert nytta supplerer kvarandre (s. 53). Vidare seier han at kodeveksling mellom bokmål, nynorsk eller dialekt kan vere med på å «uttrykke ein virtuell identitet i nettsamtalar» (Eiksund, 2019, s. 53). Kodeveksling kan altså, ifølgje Eiksund (2019), både vere eit godt verktøy, det kan gi uttrykk for personens språkkompetanse, og ikkje minst vere ein identitetsskapande faktor.

## **2.4 Skrift og dialekt**

Dialekta vår har ei geografisk tilknytning, ein kan seie at det er ei «...talemålsnorm med lokalt særmerke (Venås 1977:345)» (Rotevatn, 2014, s. 27). Innanfor den enkelte dialekta finn vi spesifikke målmerke, som er med på å skilje dialektene frå kvarandre, Per Arvid Ølmheim (1983) gir uttrykk for at dialektene i dag er i stadig endring, men at dei samstundes held på enkelte lokale særdrag, og det er desse som gjer at vi greier å skilje dialektene frå kvarandre (s. 9). Brit Mæhlum og Unn Røyneland (2012) er også tydelege på at dialekt er eit språkssystem som er bestemt av geografisk plassering, og dei framhevar at skilnadane er størst

mellom dei ulike geografiske områda, men legg i tillegg vekt på at skilnadane kan vere store også innanfor eit slikt område (s. 26).

Det å blande dialekt inn i skrift er noko som har prega språket over lengre tid, men bruken av dialekt i skrift har auka betrakteleg i nyare tid. Vangsnes (2021) seier at årsaka til auka bruk av dialekt i skrift er todelt. Han meiner at sosiale medium er med på å gjere skriftspråket meir talemålsnært, og at talespråket for mange er «...ein språkleg varietet som strukturelt sett er markant annleis enn standard skriftspråk...» (s. 102). Eiksund (2021) gir uttrykk for at det er ei kopling mellom bruk av dialekt og nynorsk skrift, på grunn av at nynorsk er nærare knytt til dialektene enn bokmål (s. 44). Å bruke dialekt i skrift har ein samanheng med identiteten til det enkelte menneske. Ved bruk av sosiale medium vert det skapt ein såkalla «digital identitet», og det er eit skilje mellom denne identiteten og den «analoge» (Rotevatn, 2014, s. 32).

#### 2.4.1 Sognemål

Sidan denne oppgåva mellom anna granskar graden av dialektale innslag i nynorsktekstar skrivne av 9.- og 10.- klassingar ved ein ungdomsskule i Sogndal kommune, vil eg i det følgjande gjere greie for nokre typiske kjenneteikn for Sognemål. Sognemål er ei samlenemning for dialektene i indre Sogn og i midtre Sogn, og dialektene høyrer difor heime i det vestnorske/nordvestlandske dialektområdet. Sogndal kommune ligg i midtre Sogn, og er difor innanfor kategorien midtresognsmål. Innanfor Sogndal kommune finn vi dei tre tettstadene Balestrand, Leikanger og Sogndal. I midtre Sogn er diftongering svært vanleg, i mange tilfelle vert «å» uttala «ao». Til dømes seier ein «aor» i staden for «år», «baot» i staden for «båt» og «gao» i staden for «gå», men blant dei yngste som snakkar midtresognsmål har det lenge vore noko meir vanleg å ha å-uttale, eller å veksle mellom å- og ao-uttale (Ølmheim, 1983, s. 41).

Midtresognsmålet er mellom anna kjenneteikna av særleine uttalar av enkelte pronomen og nektingsadverb. I 1.person eintal vert ordet *eg* nytta, i 1.person fleirtal finn vi *mi*, *vi* og *oss*. Når det kjem til fleirtalspronomen i 2.person er det i hovudsak *de*, *di* og *dikka* som er mest nytta. Ser ein på pronomen i 3.person fleirtal er dei mest brukte formene *dei*, *de* og *di*

(Mæhlum & Røynealand, 2020, s. 91). Nektingsadverbet *ikkje* er det mest brukte i midtresognsmålet, og vert i mange tilfelle uttala *isje*, spesielt blant dei unge.

I det nordvestlandske dialektområdet, som gamle Sogn og Fjordane er ein del av, finn ein «e-mål» (Hellevang & Helset, 2022, s. 47). Infinitivar og svake hokjønnsord, i ubestemt form, endar som regel på -e i midtresognsmålet, eksempelvis seier ein: *å leike* og *ei veke*. I sterke hokjønnsord endar som regel orda med -a. I fleirtalsform av maskuline og feminine substantiv finn ein som regel differensiasjon i endingane -adne/adn og -edna/edn, eksempel på dette er til dømes orda *jedna* og *elvadn* (Haugen, 1998). Utlyds-r er ikkje noko som lenger vert brukt i dette området, og dagens ungdom vil difor seie fleire «jente» (jenter), «bilar» (bilar) og «kasta» (kastar) (Hellevang & Helset, 2022, s. 48).

Når det kjem til uttale av grunnforma av adjektiv, er uttale med innskotsvokal ofte brukt i midtresognsmålet. Denne hjelpevokalen vert i hovudsak uttala som ein e-lyd, som til dømes i orda *sinte* (sint), *store* (stor) og *kalde* (kald) (Ølmheim, 1983, s. 54). Ser ein på uttale av talord endar alle ord frå 13 til 19 på -an (Ølmheim, 1983, s. 59). Ein del unge nyttar framleis denne -an endinga, men det har blitt meir vanleg å uttale desse talorda med -en istadenfor -an ending. Til dømes vil nokon kunne seie *ffortan* og *femtan*, medan andre vil seie *fforten* og *femten*.

Ifølgje Hellevang & Helset (2022, s. 48) utviklar barn og unge i Sogn og Fjordane dialektale trekk som skil seg frå det som opprinneleg er den tradisjonelle dialekta. Det er i stor grad dei orda som oppfattast som «gammaldagse» og «breie» som vert skifta ut med former som er meir nasjonale eller regionale (Fridtun, 2016, s. 126). Når dette skjer fører det til at dialektene endrar seg, og talemålet vert difor i mange tilfelle meir likt bokmål. Eit eksempel på dette er at ein byter ut det tradisjonelle avleiingssuffikset *-leg*, med *-lig*. Altså at ein seier «hjertelig» i staden for «hjarteleg».

### 3 METODE

I denne studien har eg teke i bruk både kvalitativ og kvantitativ metode, og i det følgjande vil eg først gå nærare inn på dette og synleggjere korleis eg har kombinert desse metodane.

Deretter vil eg grunngi informantutvalet for studien og forklare korleis eg har gått fram for å hente inn datamaterialet, og korleis det har blitt arbeidd med. Eg vil også seie noko om forskingsetiske vurderingar knytt til dette prosjektet, då det er ein del omsyn ein må ta når ein samlar inn elevtekstar og private chat-utdrag. Deretter vil eg gjere greie for korleis eg har arbeida med kategoriseringa av normavvika eg fann i elevtekstane. Avslutningsvis i dette kapitlet vil eg drøfte reliabiliteten og validiteten ved studien.

### 3.1 Forskingsdesign

Forskingsspørsmåla for denne studien er altså i kva grad og på kva for måtar bokmål, dialekt/talespråk og dialekt nær skriving på sosiale medium er med på å påverke 9.- og 10.-klassingane ved ein ungdomsskule i Sogndal kommune skuleåret 2022/2023 si rettskriving slik ho kjem til uttrykk gjennom formelle nynorsktekstar som dei har skrivne i skulen?

Eg har sett opp ein hypotese om at rettskrivingskompetansen til elevar med nynorsk som hovudmål blir påverka av innslag frå bokmål, dialekt og dialekt nær skriving. Denne hypotesen har eg sett opp både på grunnlag av funn i tidlegare studiar (Røhme, 2020; Helset, 2021; Hellevang, 2020; Søyland, 2002) og gjennom egne opplevingar som lærar i norskfaget. Elevar med nynorsk som hovudmål les mykje bokmål, sidan dette språket er totalt dominerande i nasjonale medium, og på nynorske skular finn ein ofte eit overtal av bokmålsbøker på skulebiblioteket. I tillegg er mange læringsressursar og nettstader berre tilgjengelege på bokmål, noko som fører til at nynorskelevar møter mykje bokmål også i skulekvardagen. Dialekt er noko elevane høyrer rundt seg og brukar heile tida, og det er difor ikkje unaturleg at det nynorske skriftspråket deira vert påverka av dialektale former som ikkje er tillatne i nynorsknorma. Det er også blitt meir og meir vanleg å skrive dialekt nær på tekstmeldingar, i chatteforum og elles på sosiale medium (Rotevatn, 2014, s. 87). Med så mange potensielle faktorar som kan ha ein påverknad på skriftspråket ønskjer eg difor gjennom denne studien å teste mi hypotese, dette for å finne ut av om desse påverknadsfaktorane faktisk har ein innverknad på elevane sin rettskrivingskompetanse i nynorsk. Ideelt sett hadde det vore svært interessant å jamføre skrivekompetansen til dagens ungdomsskuleelevar kontra ungdomsskuleelevar for 10-20 år tilbake i tid. For 10-20 år sidan brukte ein sosiale medium i langt mindre grad enn det ein gjer i dagens samfunn, og det kunne difor vore interessant og samanlikna gamle elevtekstar med elevtekstar frå i dag. Eg tenkjer at

det kunne vore med på å gi eit tydelegare bilete på om den hyppige bruken av snakkeskriving på sosiale medium er med på å påverke elevane si formelle skriving. Før var det også i mindre grad bruk av digitale verktøy og hjelpemiddel på skulen, og det kan dermed tenkjast at elevane i mindre grad vart eksponerte for bokmålspåverknad på den tida. I dag er mykje av det ein les når ein søker på nett skrive på bokmål, noko som fører til at dagens elevar les bokmål i mykje større grad enn dei gjorde før, sidan elevane då las i lærebøker skrivne på sitt eige hovudmål. Men innanfor ramma av ei masteroppgåve som denne, hadde eg ikkje føresetnader for å finne ut av dette, og difor enda eg opp med den hypotesen eg gjorde.

For å teste hypotesen har eg difor brukt hypotetisk-deduktiv metode. Gjennom denne metoden «...stiller man opp hypoteser, gjetninger, som premisser. Senere foretar man en deduktiv slutning, og til slutt undersøker man om premissene stemmer med virkeligheten» (Thurén, 2009, s. 35). I denne studien har eg gjort dette ved å a) be elevane i utvalet om å svare på eit digitalt spørjeskjema, der det i hovudsak er lukka spørsmål, b) undersøkje om eg finn att typiske og/eller høgfrekvente dialektnære former frå SoMe-chattane som eg har analysert, i nynorsktekstane elevane har skrive, og c) analysere, registrere og telje avvikstypar og kartleggje moglege årsaker/kjelder til avvika, som i denne konteksten er bokmål, dialekt og dialekt nær skriving, gjort gjennom ei systematisk gransking av nynorsktekstar skrivne av elevane i utvalet. Spørjegranskinga og elevtekstanalysane er typiske kvantitative studiar, medan analysen av SoMe-chattane har meir preg av ei kvalitativ tilnærming, og nedanfor vil eg klargjere moglege føremoner og ulemper ved kvar av desse tilnærmingane.

### **3.2 Kvantitativ- og kvalitativ forskingsmetode**

Når ein skal forske på noko er hensikta å konstruere kunnskap som er både gyldig og truverdig. Jacobsen (2022, s. 15) hevdar at dersom ein skal kunne oppnå gyldig og truverdig kunnskap, må ein som forskar ha ein klar strategi for korleis ein skal gå fram, og denne strategien er den metoden ein vel å bruke. I denne studien har eg brukt ein kombinasjon av kvantitativ og kvalitativ forskingsmetode, men hovudvekta ligg på det kvantitative.

Kvantitativ metode er koplta til tal og rekning, og er basert på ei kategorisering av informasjon i allereie etablerte båsar (Jacobsen, 2022, s. 263). På bakgrunn av dette er det ekstra viktig for



studien si gyldigheit at dei førehandsdefinerte kategoriane, eller båsane, er godt omarbeidde. Jacobsen (2022) forklarar bruken av den kvantitative metoden slik: «Store mengder informasjon kan reduseres effektivt til variabler, komplekse samvariasjoner kan avdekkes gjennom statistiske analyser, og enheter kan grupperes og omgrupperes relativt fort og enkelt» (s. 146). Noko som både er ei styrke – og ei svakheit for studien, er at ein gjennom kvantitativ metode gjerne standardiserer den informasjonen ein innhentar. Ved bruk av kvantitativ metode i analysen av elevtekstane, har eg gjennom systematisk kategorisering funne fram til både typar av avvik frå nynorsknorma og moglege kjelder eller årsaker til avvika, og eg har registrert frekvensar for kvar av desse. Kvantitativ metode vart også nytta i form av eit web-basert spørjeskjema, der svaralternativa i spørjeskjemaet i hovudsak var lukka. Ei styrke ved kvantitativ metode er at ein kan undersøkje fleire einingar på ei og same tid, og ein kan undersøkje eit større tal studieobjekt enn ein ville gjort ved ei kvalitativ spørjeundersøking (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 165). Trass i at dette i første rekkje er ein kvantitativ studie, er det grunn til å peike på at eg spør og undersøker tekstane til relativt få elevar, noko som heng nært saman med dei ytre rammene som er gjevne for denne oppgåva. At denne studien har relativt få informantar fører naturlegvis til at resultatata har mindre generaliseringsverdi enn om eg hadde hatt mange fleire informantar, frå til dømes andre nynorskområde i Noreg.

Spørjeskjemaet vart utforma ved hjelp av verktøyet *Nettskjema*. Dette er eit digitalt verktøy og hjelpemiddel ved utforming, oppbygging og analyse av spørjeskjema. Ved bruk av dette dataverktøyet var det enkelt for meg som forskar å utforme eit godt og oversiktleg spørjeskjema, og ikkje minst lese av resultatata gjennom ei automatisk generert statistisk framstilling. Denne automatisk genererte statistiske framstillinga gjorde det enkelt for meg å lese av svara til elevane, då ein får dei fleste svara oppgitt i prosent. Spørjeskjemaet inneheldt fem kategoriar, og desse kategoriane var kalla for: Heimkommune, Utdanning, Skriftspråk, SoMe og Rettskriving. Under kvar av desse kategoriane var det eitt eller fleire spørsmål elevane skulle svare på. Ved nokre av spørsmåla, som til dømes «Er du vaksen opp i...?», blei elevane som svarte «Ja» leidde vidare til neste hovudspørsmål, medan dei som svarte «Nei», fekk to oppfølgingsspørsmål. Nokre av svaralternativa kravde altså at ein svarte på eit eller fleire oppfølgingsspørsmål. Spørjeskjemaet bestod av totalt 12 obligatoriske spørsmål som elevane måtte svare på, og fem oppfølgingsspørsmål knytt til svara på nokre av dei obligatoriske spørsmåla. Eg valde å leggje inn oppfølgingsspørsmål knytt til nokre av

svaralternativa for å få betre innsikt i den enkelte eleven sin språklege situasjon, då dette kan vere av betydning for analysen av elevtekstane.

Den kvalitative metoden har eg i størst grad teke i bruk gjennom arbeidet med eit mindre tal chat-utdrag som nokre av elevane donerte til meg. For å analysere elevane sin språkbruk i sosiale medium gjennomførte eg ei kvalitativ tekstanalyse av chat-utdraga. Gjennom dette analysearbeidet ønskte eg å finne fram til mønster og samanhengar som viser korleis eit utval ungdom med nynorsk som hovudmål, skriv til kvarandre i sosiale medium. Tekstanalysen tok utgangspunkt i Widén (2015) sin andre dimensjon for tekstanalyse, som handlar om å «...rette oppmerksomheten mot tekstens form og innhold. Det er språket og teksten som er i fokus» (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 163). Eg såg altså på språket elevane brukte når dei chatta med kvarandre, og laga meg ei oversikt over mykje brukte forkortingar, dialektord og bokmålsord. Oversikta eg laga meg bestod av totalt 11 hyppig brukte ord, desse orda såg eg så i samheng med dei funna eg gjorde i elevtekstane og svara frå spørjeundersøkinga, for slik å undersøke i kva grad dialektnær skriving på sosiale medium gav seg utslag i avvik frå nynorsknorma i formelle tekstar skrivne i skulen.

### **3.3 Utval og innhenting av datamateriale**

Når ein skal forske på noko må ein som forskar gjere eit utval som undersøkinga skal basere seg på. Dette utvalet er i mange tilfelle strategisk. Eit strategisk utval er eit utval der deltakarane ein vel har eigenskapar, erfaringar eller føresetnader knytt til undersøkinga si problemstilling og teoretiske vinkling (Thagaard, 2013, s. 60). Ved starten av dette forskingsprosjektet måtte eg difor gjere nokre val og avgrensingar.

Allereie i oppstartsarbeidet med problemstillinga gjorde eg eit utval, eg bestemte meg tidleg for at forskinga skulle gå føre seg på ungdomstrinnet mellom elevar som har nynorsk som hovudmål. Eg ønskte å forske på elevar på ungdomstrinnet fordi dei har hatt mest skriveopplæring og skrivetrening, og dermed har dei også best føresetnader for å skrive korrekt nynorsk. Deretter måtte eg finne ut av kor stort utvalet skulle vere, altså kor mange deltakarar eg ønskte å implementere i studien. Eg bestemte meg for å prøve å samle inn 25-30 elevtekstar, henta frå to skuleklassar. For å komme i kontakt med desse skuleklassane

kontakta eg nokre lærarar på ein skule eg hadde kjennskap til frå før av. Lærarane og rektoren på skulen var positive til prosjektet, og eg fekk tidleg klarsignal frå dei. Når eg hadde fått klarsignal av dei sendte eg ut eit samtykkeskjema til dei to aktuelle norsklærarane, slik at dei fekk dele dette ut til elevane sine – jf. vedlegg 1. Det vart mest naturleg for meg å hente datamaterialet frå to skuleklassar, nettopp for å få tak i nok tekstar frå elevar med nynorsk som hovudmål, då dette er ein mindre skule. Av alle dei 30 elevane som fekk tilbod om å delta i studien var det 18 elevar som samtykka til deltaking. Dette var eit litt mindre tal enn eg hadde sett føre meg, men eg kom så fram til at dette materiale venteleg ville vere stort nok til å avdekkje mogleg påverknad frå bokmål, dialekt og dialekt nær skriving i tekstane, samstundes som omfanget ikkje var for omfattande for ein slik studie.

Innhentinga av elevtekstane gjekk føre seg ved at kvar elev som hadde samtykka til deltaking i studien vart tildelt ein kode som kopla eleven til elevteksten. Når elevtekstane var koda, av faglærar, vart ein del av tekstane sendt over til meg digitalt, medan eg mottok nokre av dei i papirform då eg var på den aktuelle skulen for å gjennomføre resten av datainnsamlinga. Elevane var ikkje informerte om denne studien når dei skreiv elevtekstane, noko som gjer materialet til autentisk og upåverka av forskingsføremålet med denne studien. Når det kjem til spørjeundersøkinga og innhenting av chat-utdrag gjekk dette føre seg ved at eg som forskar var fysisk til stades på skulen. Eg hadde først ein kort gjennomgang av korleis spørjeundersøkinga var bygd opp, deretter vart det delt ein link til spørjeundersøkinga, og eg var tilgjengeleg for å svare på oppklaringsspørsmål medan elevane svarte på undersøkinga jf. vedlegg 2. Etter spørjeundersøkinga vart elevane som hadde samtykka til donasjon av private chat-utdrag tekne ut av klasserommet, éin og éin. Denne typen datainnsamling kan potensielt vere forskningsetisk problematisk. Difor var eg nøye med å følgje «Prosedyre for innsamling av private meldingar» (Lunde & Ryøneland, 2023). Elevane fekk sjølv velje kva chattar dei ville dele med meg, men eit av kriteria var at utdraga dei delte ikkje skulle innehalde noko form for sensitiv informasjon om verken seg sjølv eller andre. Utdraga dei delte måtte vere frå ein samtale dei hadde hatt med ein annan deltakar av forskingsprosjektet, som også hadde gitt samtykke til å donere chat-utdrag. Det at chat-utdraga måtte vere mellom to personar som hadde samtykka til deling førte nok til at eg mottok ein del mindre chat-utdrag enn eg hadde håpa på, sidan ikkje alle elevar chattar med kvarandre på fritida. Utdraga eg mottok vart tekne bilete av med ein iPad, eigd av Høgskulen i Volda (HVO), og det var elevane sjølve som tok bileta av chat-utdraga med iPaden. Når ein elev (elev 1) delte eit chat-utdrag med meg, henta

eg ut den andre eleven (elev 2), som var deltakande i chat-utdraget, for å spørje om det var ok at elev 1 delte akkurat dette utdraget. Dersom elev 2 ikkje synst det var ok at elev 1 delte akkurat denne chatten, vart bilete sletta frå iPaden. Utdraga vart transkriberte etter innsamlinga og lagra i ei passordbeskytta mappe i OneDrive-systemet til HVO, før bileta på iPaden blei sletta.

### **3.4 Forskingsetiske vurderingar**

Ved innsamling av elevtekstar, private chattar og gjennomføring av spørjeundersøking, er det fleire omsyn ein som forskar må ta. Før innsamling av datamateriale vart det difor sendt inn ein søknad til Sikt om godkjenning av forskingsprosjektet. Etter at prosjektet vart godkjent av Sikt (jf. vedlegg 3) sendte eg ut eit informasjons- og samtykkeskriv til dei aktuelle faglærarane, som dei sendte ut til alle elevar og føresette. Gjennom dette skrivet vart både ungdommane og dei føresette informerte om at deltakinga i prosjektet var frivillig, og at ein når som helst kunne velje å trekke seg frå forskingsprosjektet, utan ytterlegare konsekvensar (Tangen, 2010, s. 324). I informasjons- og samtykkeskrivet vart dei også informerte om at alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt og i samsvar med Personopplysningslova og EU-forordninga General Data Protection Regulation and Personal Data Act. Når ein forskar på menneske, både vaksne og barn, er ein som forskar pliktig til å ivareta det enkelte individ sin integritet på ein best mogleg måte (Jacobsen, 2022, s. 49).

Alle som deltok i studien fekk informasjon om at alle data som vart samla inn ville bli fullstendig anonymisert, noko som vil seie at det ikkje er mogleg for andre å identifisere eller lage koplingar mellom deltakarane i studien og datamaterialet (Jacobsen, 2022, s. 50). Det å anonymisere elevar er spesielt viktig, trass i at datamaterialet ikkje inneheld sensitiv informasjon, nettopp fordi dei er barn, eller ungdommar og dermed er ei sårbar gruppe (NESH, 2021). I den samanheng fekk kvar enkelt elev tildelt ein kode som ei erstatning for namna deira for å sikre full anonymisering av datamaterialet. Koden gjaldt både for elevtekst, spørjeundersøking og chat-utdrag. Sidan dei fleste elevtekstane vart sende til meg over e-post, var det ekstra viktig at desse var anonymiserte ved bruk av kodar. Kodenøkkelen var det berre eg, elevane, kontaktlæraren deira og rettleiaren min som hadde tilgang til, og han blei sletta ved prosjektavslutning. Elevane nytta den same koden når dei svara på spørjeundersøkinga, noko som sikra anonymiteten deira der også.

Med tanke på innsamling av private chattar, som *kan* føre til innsamling av sensitiv informasjon, var det enkelte grep eg som forskar måtte gjere for å førebyggje nettopp dette. I informasjonsskrivet vart det opplyst om at alle chattar som vart delt med meg berre kunne vere chat-samtalar med andre elevar som også hadde samtykka til deltaking (og deling av chat-utdrag) jf. vedlegg 1. Då eg var på skulen for å gjennomføre datainnsamlinga gjentok eg dette, og spesifiserte også at chattane ikkje skulle innehalde informasjon om andre, eller informasjon som kunne identifisere andre. Eg informerte dei også om at chattane skulle vere utdrag frå heilt daglegdagse samtalar, om tema som ikkje er verken sensitive eller private. Ingen namn, nummer eller adresser kunne vere med i utdraga dei delte. Før elevane fekk ta bilete av chat-utdraga med iPaden las eg også gjennom chattane for å forsikre meg at dei ikkje innehaldt sensitiv informasjon av noko slag. Etter innsamlinga transkriberte eg alle chat-utdraga eg hadde motteke, og sletta så bileta frå iPaden. På denne måten sikra eg meg at innhaldet i chat-utdraga forblei anonymt, og at det ikkje var mogleg å identifisere personane bak chattane.

### **3.5 Kategorisering av normavvik**

I forkant av innsamlinga av nynorsktekstane som elevane hadde skrive på skulen, laga eg meg eit Excel-skjema for kategorisering av avvikstypar (jf. vedlegg 4). Skjemaet var inndelt i fire hovudkategoriar. Dei overordna kategoriane i skjemaet er dermed lydverket – staving, formverket – bøyning, avleiing og leksem som bryt med nynorsknorma. I tillegg til desse overordna hovudkategoriane hadde eg også ein kategori kalla for «andre avvikstypar», innanfor denne kategorien registrerte eg avvik som ikkje passa inn under nokre av hovudkategoriane, som til dømes tastefeil, sær- og samskriving, forveksling mellom og/å, stor/liten førebokstav og inkonsekvens. Innafor kvar av hovudkategoriane finn ein fleire underkategoriar. Underkategoriane i skjemaet seier noko om kva avvikstype det er, og gir meg som forskar eit innblikk i kva som kan gjere at denne avvikstypen førekjem i elevtekstane.

Det første eg såg etter i tekstane var stavingsavvik, knytt til konsonantisme, vokalisme eller diftongering/monoftongering. Dersom eg fann ut at stavingsavviket til dømes var knytt til konsonantisme såg eg vidare etter kva som kunne gjere at dette avviket førekom. Eg såg difor på om avviket mest truleg kom frå påverknad frå a) bokmål, b) dialekt c) bokmål og dialekt

eller om d) avviket ikkje kunne knytast til nokon av desse kategoriane. Det andre eg såg etter var bøyingsavvik, knytt til substantiv, verb og andre ordklassar/samsvar. Også her såg eg etter om avvikstypane kunne skuldast bokmål- eller dialektpåverknad, både bokmål- og dialektpåverknad, eller ingen av delane. Det tredje eg såg på var avleiing, knytt til prefiks og suffiks. Dei same moglege påverkingskategoriane gjaldt også her. Leksem som bryt med nynorsknorma var den siste hovudkategorien eg såg etter, og eg brukte dei same påverkingskategoriane som beskrive ovanfor for å finne ut kva avviket potensielt kunne vere påverka av.

I avviksskjemaet vart alle avvika registrerte etter klassetrinn og kjønn. Grunnen til at eg gjorde dette var fordi at eg ønskte å samanlikne kompetansen til elevane frå 9. trinn med elevane frå 10. trinn, for å sjå om det kunne ha noko å seie at elevane har eit år meir på skulebenken, med tanke på rettskrivingskompetansen deira. Eg ønskte også å finne ut av om det er ein skilnad mellom kompetansen til jentene og gutane som deltok i studien, sidan fleire tidlegare studiar har vist at jenter i mange tilfelle presterer betre enn gutar i ein skulesamanheng (Grøgaard & Arnesen, 2016, s. 42; Helset, 2021, s. 20). Eg valde difor å registrere avvika til jentene i ei kolonne og avvika til gutane i ei anna. På denne måten kunne eg samanlikne avvika deira, og finne ut av om kjønnsforskjellar spelte ei rolle for resultatata i studien.

### **3.6 Studiens reliabilitet og validitet**

I følge Postholm & Jacobsen (2018) er det særleg to forhold ein som forskar må tenkje over når det gjeld kvaliteten av studien. For det første må ein kunne sjå studiens avgrensingar, og for det andre må ein vere bevisst over eigen gjennomføringsmåte, og sjå på i kva grad ein som forskar kan vere med på å påverke studiens resultat (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 222). I den samanheng er reliabilitet og validitet to sentrale omgrep. Reliabiliteten av studien handlar om pålitelegheita av forskinga, medan validiteten handlar om gyldigheita av forskinga (Thagaard, 2013, s. 193).

Med tanke på reliabiliteten av elevtekstanalysen har kategoriseringa av normavvika mykje å seie. I arbeidet med elevtekstane gjorde eg eit utval av kva avvikstypar eg ønskte å sjå etter i

analysen, og utelet dermed andre avvikstypar eg opplevde som mindre viktige for min studie. Dei avvikstypane eg valte å ikkje ta med i analysen kunne potensielt gjort at resultatet av studien blei annleis. Det er også verdt å nemne at elevane ikkje visste om denne studien då dei skreiv tekstane, noko som gjer innhaldet autentisk for studien. Sidan desse elevtekstane er skrivne av 18 ungdommar, må ein også ta i betraktning at dette utvalet berre vil kunne representere eit utsnitt av verkelegheita. Resultatet kan difor ikkje på nokon måte tale på vegner av alle norske ungdommar på 9.- og 10.- trinn med nynorsk som hovudmål (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 227). Sidan Sogndal kommune er ein del av det ein kan karakterisere som det nynorske kjerneområdet på Vestlandet, er det likevel grunn til å tru at resultata frå denne studien iallfall kan indikere typiske rettskrivingsproblem og årsaker til desse også mellom ungdomsskuleelevar frå andre stader innanfor dette kjerneområdet, og dermed vere relevante også for dei, og for læraren deira, i skriveopplæringa.

Når det kjem til spørjeundersøkinga må ein ta i betraktning at den i stor grad inneheldt lukka svaralternativ, og at svara til elevane berre seier noko om eigenrapportert språkbruk og språkhaldningar, noko som vil seie at svara ikkje naudsynlegvis samsvarar med faktisk språkbruk og språkhaldningar (Helset & Brunstad, 2020). Når ein ser på resultatet av spørjeundersøkinga, må ein difor vurdere i kva grad elevane sine svar på spørsmåla er pålitelege. Med tanke på at dei fleste spørsmåla hadde lukka svaralternativ, fekk elevane i liten grad utdjupa svara sine. Sidan det berre var nokre få moglege alternativ å velje mellom, måtte elevane på enkelte spørsmål kanskje krysse av for det svaret som var mest mogleg nært verkelegheita. Men på den andre sida kunne det vore vanskelegare å måle resultata av undersøkinga dersom elevane berre hadde fått opne svaralternativ. I forhold til validiteten av spørjeundersøkinga må ein finne ut av, og vurdere om spørsmåla er gode nok til å svare på problemstillinga, altså det ein ønskjer å måle gjennom studien. I dette tilfellet var det ikkje spørjeundersøkinga aleine som skulle svare på problemstillinga for studien. Svara på spørsmåla i undersøkinga, saman med dei andre funna, danna difor grunnlaget for studiens resultat. I den samanheng vil eg seie at spørsmåla i spørjeundersøkinga var valide iallfall for utvalet som var med i denne studien.

Ser ein så på reliabiliteten og validiteten av dei innsamla chat-utdraga må ein ta i betraktning at det berre var åtte av 18 elevar som samtykka til deling. Dette vil seie at fleirtalet av elevane valde å ikkje dele chat-utdrag med meg. Dei sju chat-utdraga eg mottok må difor tale på

vegner av alle elevane i studien, noko som *kan* gi eit litt feilaktig bilete av den språklege situasjonen. Men samstundes kan ein tenkje seg at elevane i mange tilfelle skriv ganske likt, då dei er like gamle og frå same stad. Dermed kan nok desse chat-utdraga i stor grad vere representative for alle dei 18 deltakarane i studien.

## 4 RESULTAT, ANALYSE OG DRØFTING

I denne delen av oppgåva vil eg gjere greie for resultat og analysar av det tredelte datamaterialet i denne studien. Eg kjem først til å presentere resultata frå spørjeundersøkinga, deretter vil eg presentere nokre sentrale funn frå chat-utdraga. Til slutt vil eg presentere funn og analysar av elevtekstane. Alle funn vil bli sett i lys av funn frå tidlegare studiar på feltet og i relasjon til teoriar om skriftspråksinnlæring presenterte i kapittel 2. Gjennom dette kapitlet svarar eg såleis på forskingsspørsmålet for oppgåva, som er: *I kva grad og på kva for måtar er bokmål, dialekt/talespråk og dialekt nær skriving på sosiale medium med på å påverke 9.- og 10.- klassingane ved ein ungdomsskule i Sogndal kommune skuleåret 2022/2023 si rettskriving slik ho kjem til uttrykk gjennom formelle nynorsktekstar som dei har skrivne i skulen?*

### 4.1 Spørjeundersøking

Gjennom spørjeundersøkinga har elevane svart på spørsmål knytt til eigen rettskrivingskompetanse og om bruk av nynorsk, dialekt og bokmål i ulike samanhengar – jf. vedlegg 2. Alle resultata er altså eigenrapporterte, og viser difor til elevane sine egne refleksjonar, tankar og opplevingar. Det var totalt 18 elevar som deltok på spørjeundersøkinga, av desse var 61,1 % frå 9. trinn og 38,9 % frå 10. trinn. Totalt var det ni jenter og ni gutar som deltok. Av alle deltakarane var det tre elevar som ikkje hadde vakse opp i Sogndal kommune.

94,4 % av deltakarane svara at dei har nynorsk som hovudmål, det vil seie at berre éin av dei 18 elevane som svarte på undersøkinga har bokmål som hovudmål. Dette er ikkje overraskande då nynorsk er dominerande på alle felt i Sogndal kommune, som ligg i kjerneområdet for nynorsk. Sogndal er ein nynorskkommune der nynorsk blir nytta som skriftspråk i dei aller fleste samanhengar, og nynorsk er det undervisningsspråket som i




hovudsak vert nytta i skulen. Fem elevar svarta at dei har skifta hovudmål i løpet av skulegangen. Av desse var det to elevar som skifta hovudmål i løpet av barneskulen, to som skifta hovudmål ved overgangen frå barneskule til ungdomsskule og ein elev som skifta hovudmål i løpet av ungdomsskulen. Fire av desse skifta frå bokmål til nynorsk, medan ein elev skifta frå nynorsk til bokmål. At fire av elevane har skifta frå bokmål til nynorsk er interessant, då nynorsk på landsbasis er eit minoritetsspråk. Men dette kan i mange tilfelle vere eit resultat av at minoriteten tek i bruk den lokale majoriteten sitt skriftspråk, altså at minoriteten gradvis erstattar språket sitt med majoritetsspråket i den spesifikke kommunen, spesielt der nynorsken er robust (Lunde, 2020, s. 121). Dette funnet kan også sjåast i lys av det Lunde (2020) seier om at samfunns- og miljøfaktorar spelar ei viktig rolle for nettopp byte av hovudmål frå bokmål til nynorsk.

Når elevane blir bedne om å svare på kva dei skriv når dei noterer i skuletimane, utanom framandspråk, svarar 27,8 % at dei vekslar mellom bokmål, nynorsk og dialekt medan fleirtalet med 61,1 % rapporterer at dei noterer mest på nynorsk. Berre 5,6 prosent svarar at dei noterer mest på bokmål, og det same gjeld for dialekt. 77,8 % av elevane gir uttrykk for at lærarane på skulen (i andre fag enn norsk) i hovudsak nyttar nynorsk når dei underviser, medan 22,2 % svarar «veit ikkje» på dette spørsmålet. Det at fleirtalet rapporterer at dei noterer mest på nynorsk i skuletimane samsvarar godt med resultatet Helset & Brunstad (2020, s. 104) fann i sin studie. Der rapporterte nemleg 63 % av elevane at dei brukar mest nynorsk når dei noterer i timane. Det at elevar i ein nynorskkommune som Sogndal rapporterer at dei i størst grad nyttar nynorsk som skriftspråk når dei noterer i timane kan også ha ein samanheng med at lærarane i hovudsak underviser på nynorsk i dei aller fleste skuletimar. Helset & Brunstad (2020) støttar opp om denne teorien og gir uttrykk for at elevar i stor grad vel den same målforma som læraren deira brukar, eller som læremidla dei nyttar i undervisninga.

På spørsmålet «Kva for nokre sosiale medium brukar du dagleg?» er Snapchat og TikTok øvst på lista med 88,9 % og 83,3 %, etterfølgt av Instagram og SMS med 66,7 % og 50 %. I tillegg til desse sosiale media rapporterer også nokre elevar om bruk av Twitch, Discord, YouTube og Facebook. Som oppfølgingsspørsmål til dette stilte eg spørsmålet «Kva for eit språk brukar du mest i desse samanhengane?». Svara kan ein sjå av Tabell 1 nedanfor.

Tabell 1: Kva for eit språk brukar du mest i desse samanhengane?



Ut frå denne statistikken kan ein sjå at heile 14 av 18 elevar (77,8 %) svarar at dei i hovudsak nyttar dialekt eller dialekt nær skiving når dei skriv melding til venner. Fleirtalet rapporterer også at dei nyttar dialekt/dialekt nær skiving på TikTok, som i dag er ein svært populær kanal blant barn og unge. Derimot ser vi at nesten like mange av elevane rapporterer at dei i hovudsak nyttar nynorsk når dei skriv melding til besteforeldre (72,2 %) og melding til lærar (83,3 %). Engelsk er også ein god del brukt blant desse elevane, og der elevane svarar at dei nyttar engelsk som skriftspråk i størst grad, er gjennom Gaming. Desse resultatane tyder på at elevane har mottakarmedvit. Dei nyttar ulike uttrykksformer, kodevekslar og tilpassar språket ut frå kven som er mottakar for innhaldet, og ikkje minst ut frå kva som er mediet. Elevane er altså medvitne om at ulike språklege uttrykksformer passar til ulike mottakarar og medium. Desse resultatane samsvarar med resultatane frå ein studie av Helset & Brunstad (2020, s. 108), og det elevane rapporterer kring notering i skuletimane, støttar også opp om det Juuhl &





Michelsen (2020) seier om at det ofte er eit skilje mellom språket elevane nyttar på fritida, og språket dei nyttar i ein skulesamanheng.

På fleirvalsspørsmålet «Kva for nokre av uttrykksformene nedanfor brukar du når du skriv i sosiale medium?», er det berre 11,1 % av elevane som svarar at dei stort sett held seg til nynorsk eller bokmål. 72,7 % av elevane rapporterer at dei nyttar forkortingar og 61,1 % rapporterer at dei nyttar dialektord. I tillegg svarar 44,4 % at dei nyttar seg av engelske ord i kommunikasjon på sosiale medium. Svara deira viser i Tabell 2 nedanfor.

Tabell 2: Kva for nokre av uttrykksformene brukar du når du skriv i sosiale medium?

#### Kva for nokre av uttrykksformene nedanfor brukar du når du skriv i sosiale medium?

Antall svar: 18

Svar	Antall	% av svar	
Ingen av delane: eg held meg stort sett til nynorsk eller bokmål	2	11.1%	 11.1%
Forkortingar	13	72.2%	 72.2%
Engelske ord	8	44.4%	 44.4%
Dialektord	11	61.1%	 61.1%

Her kan ein altså sjå at elevane i svært liten grad held seg til nynorsk og/eller bokmål når dei skriv i sosiale medium. Elevane rapporterer at dei i stor utstrekning brukar forkortingar, dialektord og engelske lånord i den kommunikasjonen som går føre seg gjennom sosiale medium. Dette kan tyde på at elevane i liten grad bryr seg om dei offisielle skriftspråksnormene når dei skriv på sosiale medium (Helset & Brunstad, 2020). Derimot er det mykje som tyder på at skrivning på sosiale medium opnar for forhandlingar om kva som er godteke og ikkje-godteke når det gjeld bestemte kodar og trekk, slik som til dømes forkortingar og bruk av engelsk og emojiar (jf. Røyneland, 2018, s. 166).

Elevane fekk også moglegheit til å skrive inn 3-6 ord og/eller forkortingar dei brukar mykje i kommunikasjon på sosiale medium. Nokre av orda som var gjentakande i svara til elevane var: *idk* = i dont know, *egt* = eigentleg, *dikka* = *dykk*, *vetsj/vetsje* = veit ikkje, *ekje* = *er ikkje*, *ka* = *kva*, *imorra/imårra* = i morgon, *d/de* = *det* og *e* = *er*. Her kan ein sjå at orda dei rapporterer som ofte brukt, helst er (ein god kombinasjon av) forkortingar og dialektord. Dei

orda som er kursiverte ovanfor er dei dialektformene eg i hovudsak tenkjer elevane kan kome til å ta med seg inn i skriving av formelle tekstar i ein skulesamanheng, nettopp fordi desse ikkje ligg så langt frå normert nynorsk. I analysen av elevtekstane, som eg vil kome tilbake til litt seinare i oppgåva, har eg funne att nokre av desse framheva orda.

Mot slutten av spørjeundersøkinga skulle elevane gi uttrykk for kor trygge dei kjenner seg på rettskrivinga i nynorsk, bokmål og engelsk. Svara deira kan ein sjå i Tabell 3 nedanfor.

Tabell 3: Kjenner du deg trygg på rettskrivinga?



Seks elevar (33,3 %) rapporterer altså at dei er svært trygge på rettskrivinga i nynorsk, etterfølgt av ti elevar (55,6 %) som seier at dei er ganske trygge. To elevar (11,1 %) rapporterer at dei verken er trygg eller utrygg på rettskrivinga i nynorsk, og ingen elevar kryssar av for ganske- eller svært utrygg. Når det kjem til rettskrivinga på bokmål seier fire elevar (22,2 %) at dei er svært trygge, fem (27,8 %) at dei er ganske trygge, seks (33,3 %) at dei er verken trygg eller utrygg, to (11,1 %) at dei er ganske utrygg, og éin (5,56 %) seier at hen er svært utrygg. Ut frå det statistikken ovanfor viser er det altså nynorsk elevane i gjennomsnitt rapporterer at dei er mest trygge på når det kjem til rettskriving. Desse resultatane samsvarar godt med funna som vart gjort i artikkelen til Helset (2021, s. 18). Der rapporterer 44 % av elevane at dei er svært trygge på rettskrivinga i nynorsk, medan 47 % av elevane rapporterer at dei er ganske trygge. Resultata støttar også opp om det Helset & Brunstad (2020, s. 114) seier om at nynorsken står sterkt innanfor det nynorske kjerneområdet. Det at





elevane i stor grad noterer på nynorsk i skuletimane, at undervisninga går føre seg på nynorsk, og at Sogndal er ein nynorsk-kommune kan vere med på å gjere elevane tryggare på nynorsk rettskriving, nettopp fordi dei møter på nynorsk i større grad enn elevar som ikkje er busett i dette kjerneområdet. Men det at elevane sjølve rapporterer at dei kjenner seg trygge på rettskrivinga i nynorsk treng ikkje nødvendigvis å tyde på at dei *faktisk* er stødige i rettskrivinga, og det er nettopp dette eg skal undersøke gjennom elevtekstanalysen.

Elevane fekk også spørsmålet «Kva synest du sjølv er vanskelegast når du skal skrive korrekt nynorsk?», her svara fleirtalet, altså 50 %, at det vanskelegaste er å skilje nynorsk frå bokmål, fordi dei blandar inn ord og former frå bokmål i nynorsken. 27,8 % svarar «veit ikkje» og 16,7 % svarar at det vanskelegaste er å skilje nynorsk frå dialekt, fordi dei blandar inn ord og former frå dialekta si i nynorsken, medan 5,6 % svarar at det er like vanskeleg å skilje nynorsk frå bokmål som det er å skilje nynorsk frå dialekt. Desse resultata kan ein sjå i Tabell 4 nedanfor.

Tabell 4: Kva synest du sjølv er vanskelegast når du skal skrive korrekt nynorsk?

#### Kva synest du sjølv er vanskelegast når du skal skrive korrekt nynorsk?

Antall svar: 18

Svar	Antall	% av svar	
Veit ikkje	5	27.8%	 27.8%
Det er like vanskeleg å skilje nynorsk frå bokmål som å skilje nynorsk frå dialekt	1	5.6%	 5.6%
Å skilje nynorsk frå dialekt/at eg blandar inn ord og former frå dialekta mi	3	16.7%	 16.7%
Å skilje nynorsk frå bokmål/at eg blandar inn ord og former frå bokmål	9	50%	 50%

Denne statistikken viser altså at det elevane rapporterer at dei slit mest med når det kjem til å skrive korrekt nynorsk, er at dei blandar inn ord og former frå bokmål.




På det siste spørsmålet i undersøkinga skulle elevane svare på om ungdomskuleelevar som skriv dialektnært i sosiale medium klarer å følgje offisiell rettskriving for nynorsk når dei skal skrive formelle tekstar i ein skulesamanheng. Her rapporterer fleirtalet, med 66,7 %, at dei fleste vil klare å unngå å bruke dialektale ord og former i nynorsken, medan 27,8 % svarar «veit ikkje». Berre 5,6 %, altså ein elev, seier at dei fleste vil kome til å blande inn dialektale

ord og former i nynorsken. Fleirtalet av elevane har altså tru på at dei fleste ungdomskuleelevar vil klare å skilje mellom dialekt/dialektnær skrivning og nynorsk. Svara deira kan ein sjå i Tabell 5 nedanfor.

Tabell 5: Klarer ungdomsskuleelevar som skriv dialektnært i sosiale medium å følgje offisiell rettskriving for nynorsk når dei skal skrive formelle tekstar på skulen?

**Klarer ungdomsskuleelevar som skriv dialektnært i sosiale medium å følgje offisiell rettskriving for nynorsk når dei skal skrive formelle tekstar på skulen?**

Antall svar: 18

Svar	Antall	% av svar	
Veit ikkje	5	27.8%	 27.8%
Nei, dei fleste vil blande inn dialektale ord og former i nynorsken	1	5.6%	 5.6%
Ja, dei fleste vil klare å unngå å bruke dialektale ord og former i nynorsken	12	66.7%	 66.7%

I studien til Helset (2021) rapporterer 59 % av elevane at dei fleste vil kunne klare å følgje rettskrivingsnorma for nynorsk når dei skriv ein formell e-post, 17 % rapporterer at dei fleste vil kome til å blande dialekt og skriftspråk, medan 23 % svarar «veit ikkje». Desse resultatata samsvarar difor i stor grad med resultatata frå spørjeundersøkinga i denne studien.

## 4.2 Donerte chat-utdrag

Av dei 18 elevane som deltok på spørjeundersøkinga og deling av elevtekst, var det åtte elevar som samtykka til chatdeling og som frivillig donerte chat-utdrag til studien. Frå desse elevane mottok eg til saman sju chat-utdrag, med varierende innhald og lengde. Elevane var informerte om at chattane ikkje skulle innehalde sensitiv informasjon, og donerte difor i hovudsak heilt daglegdagse samtalar knytt til fritidsaktivitetar, skularbeid og andre kvardagslege hendingar.

Når eg las gjennom og analyserte chat-utdraga leita eg i hovudsak etter dialektord og typiske forkortingar elevane brukar når dei skriv. I spørjeundersøkinga skreiv elevane inn enkelte ord og forkortingar dei ofte nyttar i SoMe og på tekstmeldingar, eg såg difor blant anna etter desse i chat-utdraga. Nokre av orda elevane nemnde at dei brukte hyppig fann eg att i chat-

utdraga, men det var også andre ord som ikkje var nemnd i spørjeundersøkinga som var ofte nytta i chattane. Noko som var felles for alle chat-utdraga eg mottok var at dei inneheldt innslag av både nynorsk, bokmål og dialekt nær skriving. Nokre av dei inneheldt også «Emoji's» eller emotikons.

I chat-utdraga fann eg ein kombinasjon av forkortingar, slengord, dialektord og det eg antek er tastefeil. Til dømes skriv den eine eleven «han reise nok ikkje enda for p sei d sånn da». Her ser ein fleire avvik frå nynorsknorma, og eit avvik eg vil kategorisere som tastefeil. Eleven har skriva «p» i staden for «å», og sidan desse bokstavane er så nære kvarandre på tastaturet kan ein tenkje seg til at dette er ein enkel tastefeil. Denne eleven skriv «sei» i staden for «seie», og denne skrivemåten ser ein også att i nokre av dei andre chattane. Eit anna ord som ofte er nytta i chat-utdraga er ordet «ha». Til dømes skriv dei «ha du gått» og «eg ha boller». Elevane utelet altså r-en i ordet og skriv «ha» i staden for å skriva «har». Dette er eit avvik som typisk kjem frå dialektpåverknad, då elevane seier ha utan å uttale r-en når dei snakkar. Dialektordet «dikka», som er eit mykje brukt ord innanfor sognemålet, fann eg også i chattane deira. I den eine chatten stod det skriva «Skal dikka på butikken ellerno?». Ordet «ellerno» vil eg ikkje seie at er dialektpåverka, då ein på sognemål heller ville sagt «eller nåke», men det er i alle fall eit avvik frå nynorsknorma. Og mest truleg kjem ordet av bokmålpåverknad. Det at elevane vekslar mellom dialektord, nynorsk og bokmål i chat-utdraga samsvarar i stor grad med det Eiksund (2019, s. 53) seier, om at kodeveksling er ein bidragsytar til å få uttrykk for ein såkalla virtuell identitet i samtalar på sosiale medium.

Nokre av elevane skriv ordet «nå» i chat-utdraga. Dette er ikkje eit typisk dialektord, noko som tyder på at elevane også er påverka av bokmål. Ein av elevane har skriva «Eg snakke me han nå». I denne setninga kan vi finne fleire avvik frå nynorsknorma. Orda «snakke», «me» og «nå» er alle avvik. Dei orda som ser ut til å vere mest dialektpåverka er «snakke» og «me», medan «nå» ser ut til å vere bokmålpåverka, då dette ikkje er ein talemålsnær uttale i sognemålet. Men til tross for at ordet «nå» ikkje eigentleg er ein talemålsnær uttale i sognemålet, er det ikkje utenkjeleg at enkelte unge, også innanfor det nynorske kjerneområdet, nyttar slike ord i både skriftleg og munnleg tale (på grunn av bokmålpåverknad i sosiale medium og i samfunnet generelt). At elevane skriv «me» og ikkje «med», er tydeleg dialektpåverka då dette er heilt likt med måten elevane uttalar ordet. Det at ein finn innslag av både dialekt og bokmålpåverka ord i chat-utdraga syner at det er eit

tydeleg skilje mellom språket elevane nyttar på fritida, og språket dei skal nytte i skulen, noko Juuhl & Michelsen også (2020, s. 14) gir uttrykk for i sin artikkel. Desse resultatane bygger også opp om det Fretland & Søyland (2013) og Helset & Brunstad (2020, s. 19) seier om at slike type tekstar fører til at elevane har eit meir avslappa forhold til rettskriving enn det dei har i ein skulesamanheng.

Elevane nyttar også ein del slengord, lånord frå engelsk og forkortingar i chattane. Eg ventar ikkje å finne nemneverdig med innslag frå engelsk og forkortingar i elevtekstane, fordi desse er markert ulike nynorsknorma – då altså i motsetning til dei allereie nemnde dialektnære formene. Men eg ønskjer likevel å trekkje fram nokre av eksempla eg fann i elevtekstane. Til dømes skriv dei «nais», som er ein fornorska versjon av ordet «nice», og «reade», som vil seie at nokon har lese meldinga men ikkje svarar. Eit anna populært ord er «ish», som tyder «sånn cirka» eller «sånn halvvegs». Det at elevane nyttar desse orda kan tyde på at elevane driv kodeveksling, sidan måten dei skriv på viser at språket deira ber tydeleg preg av påverknad frå engelsk språk. I tillegg viser denne skrivemåten til det Hårstad (2010, s. 59) og Morland (2020, s. 26) seier om at kodeveksling også er ein identitetsmarkør og eit sosialt fenomen. Andre høgfrekvente forkortingar elevane nyttar er «d/de» for «det» og «e» for «er», desse skrivemåtane er nok truleg dialektpåverka då elevane uttalar orda utan t- og r-lyden.

I tillegg til dialektord, slengord, forkortingar og truleg bokmålpåverka ord var det også mykje bruk av emojiar i chat-utdraga. «Emoji's» er som nemnd i teorikapittelet ulike symbol og smilefjes ein kan setje inn i meldingane ein sender, dette er svært vanleg og hyppig brukt, særleg blant dei unge i dagens samfunn. Elevane har i stor grad brukt emoji's for å uttrykkje kjensler anten som forsterking eller erstatning for ord (Rotevatn, 2014).

I førre delkapittel vart resultatane frå spørjeundersøkinga presentert og drøfta, og det er særleg interessant å sjå svarene deira frå spørjeundersøkinga opp mot funna i chat-utdraga. Fleirtalet av elevane oppgir i spørjeundersøkinga (*Tabell 1* og spørsmålet «*Kva for nokre av uttrykksformene nedanfor brukar du når du skriv i sosiale medium?*») at dei nyttar forkortingar og dialektord i samtalar på sosiale medium, noko som stemmer godt overeins med funna som er gjort i dei sju donerte chat-utdraga. Ein god del av elevane (44 %) rapporterer også at dei nyttar engelske ord og uttrykk når dei kommuniserer på sosiale



medium, noko som viser att i chat-utdraga deira. Desse funna tyder nok ein gong på at elevane i stor grad er klar over at dei kodevekslar og nyttar ulike ord og uttrykksformer i sosiale medium (Helset & Brunstad, 2020, s. 108).

Eg laga difor ei liste over dei 11 mest brukte orda frå chat-utdraga, desse vart også registrert når eg arbeida med elevtekstanalysen, som eg vil kome nærare inn på i neste delkapittel. Dei 11 orda eg noterte meg frå chat-utdraga var: sån, ha, imårra, me, nå, kem, dikka, gjore, ka, sei og man. Av dei orda elevane sjølv rapporterte at dei ofte nytta, fann eg orda: ekje, dikka, ka, imårra, d/de, e og vetsj. Som nemnd i førre delkapittel er mange av desse orda dialektnære former, som bryt med nynorsknorma, men som likevel ikkje ligg så langt frå den. Slike ord og former vil difor antakeleg kunne vere meir sannsynleg at elevane umedvitne tek med seg inn i skrivinga, og då også i formelle tekstar.

### **4.3 Analyse av elevtekstane**

Totalt har det blitt analysert 17 av 18 innsamla elevtekstar. Som det står skrive i delkapittel 4.1, hadde ein av deltakarane av spørjeundersøkinga bokmål som hovudmål. Denne eleven sin tekst har eg difor valt å ikkje analysere, då han ikkje er relevant for min studie. Alle elevtekstane er tentamenstekstar som elevane skreiv før jul, skuleåret 2022/2023. Oppgåvene for 9.- og 10. trinn var noko ulike, men felles for begge trinna var at dei først hadde ei kortsvaroppgåve, og deretter ei langsvarsoppgåve. I det innsamla datamaterialet finn ein difor 16140 ord fordelt på 17 elevtekstar. Av desse 16140 orda er det registrert totalt 622 avvik. Det var eit stort sprik i lengda på elevtekstane. Den kortaste teksten var på 156 ord, medan den lengste var på 1798 ord. I gjennomsnitt var tekstane på 949,4 ord, og det var eit snitt på 36,5 avvik per elevtekst. Gjennomsnittleg viser dette til ein avviksprosent på 3,8, som vil seie 3,8 avvik per 100 ord elevane skriv. Ingen av elevtekstane som vart analysert, var feilfrie. Talet på avvik var ganske varierende, og spriket gjekk frå berre tre registrerte avvik til 91 registrerte avvik per tekst.

I masteroppgåva til Røhme (2020, s. 33) var elevtekstane i gjennomsnitt på 161,25 ord. Ho undersøkte totalt 44 elevtekstar, og fann at det i snitt var 8,96 avvik per 100 ord, dette utgjer ein feilprosent på 5,5 %. I granskinga gjort av Helset (2021, s. 19) var gjennomsnittslengda,

på dei 84 tekstane han analyserte, 1211 ord. I snitt gav dette 51,8 avvik per tekst, som utgjer ein feilprosent på 4,6%. Ser ein på desse resultatata samanlikna med resultatata frå mi masteroppgåve er gjennomsnittslengda på elevtekstane i mitt datamateriale litt kortare enn tekstane i datamaterialet til Helset (2021) og ein god del lenger enn tekstane i datamaterialet til Røhme (2020). Med tanke på gjennomsnittleg feilprosent hamnar resultatet i mi gransking (3,8 %) litt under resultatata til både Røhme (2020) og Helset (2021). Granskinga til Røhme (2020) gjekk føre seg på 6. trinn, medan Helset (2021) granskar elevtekstar skrivne av elevar på 10. trinn. At feilprosenten i datamaterialet til Røhme (2020) er noko høgare enn avviksprosenten i mi oppgåve, og oppgåva til Helset (2021), kan kome av at elevane er komne kortare i skuleløpet, og at dei dermed har arbeidd mindre med skriving og rettskriving enn det elevar på 9.- og 10. trinn har gjort.

#### 4.3.1 Funn av avvik– ei samanlikning av jentene og gutane si rettskrivingskompetanse

Dersom ein samanliknar jentene med gutane i denne studien har jentene i gjennomsnitt fleire avvik i tekstane sine enn det gutane har. Samla sett har jentene totalt 329 avvik, medan gutane totalt har 293. Jentene skreiv totalt 8791 ord, og gutane skreiv 7349 ord. Ut frå dette har jentene i gjennomsnitt 4,45 avvik per 100 ord, medan gutane i gjennomsnitt har 3,98 avvik per 100 ord. Noko som er verdt å merke seg i denne samanhengen er at av desse 17 elevane, er som tidlegare nemnd, åtte av dei jenter og ni av dei gutar. Dette vil seie at til tross for at det var færre jenter enn gutar som deltok i studien, har jentene skrive heile 1442 ord meir enn gutane. Ser ein på gjennomsnittet av lengda på tekstane til gutane, skreiv dei 816,5 ord, medan jentene i gjennomsnitt skreiv tekstar på 1098,8 ord. Dette *kan* spele ei rolle for talet på avvik som er funne i tekstane, men i min studie har eg analysert relativt få tekstar, noko som truleg spelar størst rolle med tanke på at eg i denne studien har fått eit anna resultat enn mange andre studiar. Fleire av gutane har skrive tekstar som er mellom 100-300 ord, noko som fører til at det er lite tekst å analysere, og det kan difor vere vanskeleg å seie noko om eleven si skriving på eit så lite grunnlag. Men dette funnet er samstundes nokså oppsiktvekkande med tanke på at forskning og statistikk syner at jenter ofte presterer betre enn gutar i ein skulesamheng (Grøgaard & Arnesen, 2016, s. 42; Perlic, 2019). I fleire tidlegare studiar som er gjort syner resultatata at jenter, i mange tilfelle, skriv betre enn gutar i ein skulesamheng (Helset, 2021; Søyland, 2002).

I studien gjort av Helset (2021, s. 20) var 38 av deltakarane gutar medan 46 var jenter. Resultatet i hans studie viser at gutane hadde fleire avvik per 100 ord enn det jentene hadde. Gutane hadde i gjennomsnitt 5.5 avvik per 100 ord, medan jentene i studien i gjennomsnitt hadde 3,7 avvik per 100 ord. I min studie er resultatet omvendt, det er altså funne fleire avvik i tekstane skrivne av jentene kontra tekstane skrivne av gutane. Resultata mine kan difor i større grad seiast å samsvare med funna som er gjort i Røhme (2020) si gransking. I masteroppgåva til Røhme (2020, s. 39) samanliknar ho resultata til jentene og gutane, og ho finn at jentene totalt har 3,1 % fleire avvik enn gutane. I informantutvalet hennar var det totalt 26 gutar og 18 jenter, der jentene hadde eit gjennomsnittleg avvik på 10,7 ord per 100 ord, medan gutane hadde eit gjennomsnittleg avvik på 7.6 ord per 100 ord. I hennar oppgåve har ho registrert fleire avvik hjå både jentene og gutane enn det eg har gjort, noko som kan kome av at vi har registrert avvik ulikt, og ut frå ulike avvikskategoriar.

I artikkelen til Grøgaard & Arnesen (2016, s. 42) kjem det fram at jenter generelt sett presterer betre enn gutar i ungdomsskulealder, men i min studie, og i studien til Røhme, syner resultata at jentene har fleire avvik i tekstane sine enn det gutane har. Desse resultata kan sjåast i lys av det Grøgaard & Arnesen (2016) skriv om at jenter ikkje nødvendigvis presterer betre enn gutar i morsmål og språkfag til tross for kjønnsforskjellar i kognitive ferdigheiter (s. 60). Funna støttar også opp om det Bakken (2008, s. 92) gir uttrykk for i artikkelen sin, om at det er store individuelle forskjellar å finne med tanke på skuleprestasjon innanfor begge kjønn. Men det er samstundes nok ein gong viktig å presisere at utvalet i min studie er ganske lite (jf. metodekapittelet), noko som kan vere ein hovudgrunn til at eg i min studie får andre resultat enn mange andre studiar. I ein studie som denne, med relativt få elevtekstar, må ein vektleggje dei individuelle skilnadane i utvalet. Dette må vektleggast fordi at dei individuelle skilnadane vil kunne trumfe skilnadane mellom kjønna, noko som ofte ikkje kjem til syne før ein har granska mange tekstar. Dette fører også til at resultata mine har mindre generaliseringsverdi enn mange andre (spesielt større) studiar, som til dømes studien gjort av Helset (2021).

#### 4.3.2 Ei samanlikning av 9. og 10. trinn

Ettersom at eg har informantar frå to ulike klassetrinn, kan det vere interessant å sjå på om det er ein skilnad i talet på avvik mellom elevane på 9.trinn og 10.trinn. Elevar på 10.trinn har

gått eitt år meir på skule enn elevane på 9.trinn, og har i den samanheng truleg meir erfaring når det kjem til skriving og rettskriving enn elevane på 9.trinn, sjølv om det berre skil eitt år. Totalt var 7 av informantane frå 10. trinn, og 10 av informantane var frå 9. trinn. Samla sett utgjorde avvika i tekstane til elevane på 10. trinn 319 avvik, medan tekstane til elevane på 9. trinn utgjorde 303 av avvika. Elevane frå 10. trinn hadde til saman skrive 9189 ord, medan elevane på 9. trinn hadde skrive 6951 ord totalt. Ein ser difor at det er ein skilnad i lengda på tekstane elevane har skrive på dei to klassetrinna, elevane på 10. trinn er færre elevar og har til trass for dette skrive ein god del meir enn elevane på 9. trinn, noko eg tenkjer er naturleg. Ser ein så på avvik per 100 ord har elevane på 10 trinn gjennomsnittleg 3,74 avvik per 100 ord, medan elevane på 9.trinn i snitt har 4,36 avvik per 100 ord. Dette viser at elevane på 10. trinn har markert færre avvik per 100 ord enn det elevane på 9.trinn har.

#### 4.3.3 Talet på avvik kopla til dei ulike avvikskategoriane

Funna som vart gjort i elevtekstane, viser at dei mest frekvente avvika er kopla til formverket, altså bøyning av ord. Av alle dei 622 avvika i elevtekstane, er 177 (28,4 %) av desse kopla til verbbøyning (t.d. \*har skreve vs. har skrive), 18 (2,9 %) er kopla til substantivbøyning (t.d. \*daga vs. dagar) og 74 (11,9 %) av dei er kopla til andre ordklassar/samsvar (t.d. \*ka vs. kva), og totalt utgjer dette 269 avvik (43,3 %). Etter avvik kopla til formverket er dei mest frekvente avvika knytt til leksem som bryt med nynorsknorma. Innanfor denne kategorien vart det i alt registrert 163 (26,2 %) avvik (t.d. \*huske vs. hugse). Deretter finn ein avvik kopla til lydverket og staving, som totalt utgjer 64 avvik (10,3 %). Her er dei mest frekvente avvika kopla til vokalisme (t.d. \*uten vs. utan), med 45 (7,2 %) registrerte avvik, etterfølgt av konsonantisme (t.d. \*nokk vs. nok), med 19 (3,1 %) registrerte avvik. I tillegg til dei tre kategoriane lydverket, formverket og leksem som bryt med nynorsknorma, registrerte eg også avvik knytt til avleiing og andre avvikstypar. I kategorien «andre avvikstypar» registrerte eg avvik knytt til særskriving, samskriving, forveksling av og/å, stor/liten førebokstav, tastefeil og inkonsekvens (t.d. \*fotball laget vs. fotballaget). Samla vart det registrert 120 avvik (19,3 %) innanfor denne kategorien. I hovudsak var desse avvika kopla til forveksling og/å, tastefeil og orddeling. Det var få avvik kopla til stor/liten førebokstav og inkonsekvens. Med tanke på kategorien avleiing vart det totalt registrert 6 avvik (1 %) knytt til suffiks (t.d. \*rolig vs. roleg), og ingen registrerte avvik knytt til prefiks. Det var altså færrest registrerte avvik knytt til avleiing i denne studien.

At elevane i størst grad strevar med bøyning av ord kan ein også sjå att i studiane til Hellevang (2020), Røhme (2020), Søyland (2002) og Helset (2021). Felles for alle desse studiane er at bøyingskategorien utgjer mesteparten av avvika, eller at den er blant dei to-tre største avvikskategoriane. Det at bøyning går att som ein av dei største avvikskategoriane i så mange elevtekstar, skrivne av elevar med nynorsk som hovudmål, kan tyde på at elevar med nynorsk som hovudmål i større grad treng undervisning og opplæring knytt til formverket av skrivinga, og at dei treng tid på å meistre det som har med rettskriving å gjere (Eiksund, 2020, s. 59; Bjørhusdal & Juuhl, 2017, s. 116).

#### *4.3.3.1 Formverket – bøyning*

Avvik innanfor bøyning er den mest utbreidde kategorien for denne studien, og utgjer totalt 43,3 % av alle avvika. Dei fleste avvika innanfor denne kategorien er knytt til bøyning av verb. Funna som vart gjort gjennom elevtekstanalysen syner at elevane har vanskar med å skilje mellom e- og a-endingar, og at dei bøyer sterke og svake verb om kvarandre. Dette vil altså seie at elevane til dømes bøyer eit sterkt verb som svakt i presensform. Eit eksempel på dette er verbet «å lese». Dette er eit sterkt verb som i presens blir «les», men nokre av elevane legg på ei ending sjølv om verbet er sterkt, slik at ordet vert «leser» i staden for «les». Eit eksempel på at elevane blandar e- og a-ending finn vi til dømes gjennom bøyning av verbet «å ønske/ønskje», for her skriv dei «ønskar» i staden for «ønsker» eller «ønskjer». Nokre av elevane manglar også r-bøyingsending i presens, og eit typisk eksempel på dette frå elevtekstane er at dei skriv «ha» i staden for «har» og «e» istadenfor «er». Desse orda («ha» og «e») var som vi har sett også mykje bruke ord i chat-utdraga deira. Eg plasserte som tidlegare nemnd avvika inn i eit skjema (jf. vedlegg 4), og avvika vart her registrerte etter om dei var bokmålspåverka, påverka av dialekt/talemål, påverka av både bokmål og dialekt/talemål eller ingen av delane.

Resultata og funna som er gjort i studien til Helset (2021) syner at elevane i størst grad strevar med bøyning av verb, og dette samsvarar godt med funna som er gjort i mi oppgåve. Også resultata i studien til Hellevang (2020) samsvarar i stor grad med mine funn, for i hennar gransking var verbbøyning den nest største avvikskategorien, bak vokalisme. I hennar studie kan ein nemleg sjå at elevane i stor grad strevar med bøyning av sterke verb, særleg ved at elevane bøyer sterke verb svakt i presensform (Hellevang, 2020, s. 37). Studien til Søyland (2002, s. 18) støttar også opp om at verbbøyning kan vere vanskeleg for elevane, og resultata

mine samsvarar i stor grad med funna som er gjort i hennar studie. Ho nemner særleg at elevane blandar ulike bøyingsmønster, altså at dei ikkje er konsekvente, og at dei viser usikkerheit knytt til bøyning av både sterke og svake verb. Det at bøyning av sterke og svake verb er ei utfordring blant elevar i fleire studiar kan tyde på at dette er noko som er både utfordrande og krevjande for dei å meistre.

Den nest største avvikskategorien innanfor formverket var kategorien «andre ordklassar/samsvar». Denne kategorien utgjorde samla sett 74 av avvika innanfor bøyning (11,9 % av alle avvika i studien, og 27,5 % av avvika innanfor kategorien formverket/bøyning). Av desse avvika utgjorde dialektpåverknad 20 av dei (27 %) (t.d. \*nåke vs. noko), bokmål 11 av dei (14,9 %) (t.d. \*dem vs. dei), bokmål og dialektpåverknad 8 av dei (10,8 %) (t.d. \*hos vs. hjå), medan dei resterande 35 (47,3 %) ikkje kunne koplast til verken bokmåls- eller dialektpåverknad (t.d. \*sin vs. si). Ser ein så på substantiv, som samla sett utgjorde berre 18 av avvika (totalt 2,9 % av avvika i studien, og 6,7 % av avvika innanfor kategorien formverket/bøyning), er det avvik knytt til dialektpåverknad som i hovudsak gjer seg gjeldande (t.d. \*gla vs. glad). Deretter finn ein tre avvik (4 %) knytt til bokmålspåverknad aleine (t.d. \*hensikten vs. hensikta), og tre avvik (4%) som ikkje har samanfall med verken bokmål eller dialekt (t.d. \*augene vs. auga).

I studien til Helset (2020, s. 20) er avvik knytt til substantivbøyning den nest største kategorien, innanfor formverket/bøyning. I hans studie vart det funne færrest avvik innanfor bøyingskategorien knytt til «andre ordklassar», noko som er omvendt frå min studie. Ser ein så på studien til Røhme (2020, s. 34) utgjør avvik knytt til substantivbøyning totalt 10 %, noko som vil seie at substantivbøyning er blant kategoriane med færrest registrerte avvik. Desse resultatene tyder på at det er stor variasjon knytt til kva elevane strevar mest- og minst med, noko som kanskje kan skuldast undervisninga elevane har fått. Nordal (2012, s. 31) hevdar at lærarane som underviser elevar med nynorsk som hovudmål sjølv må ha god kunnskap og innsikt i normert nynorsk, nettopp fordi at elevane i stor grad vert påverka av måten læraren skriv, underviser og uttrykkjer seg på.

I det følgjande vil eg presentere ein tabell som syner fordelinga mellom avvik og som trekk fram nokre typiske eksempel frå kategorien bøyning. Eksempla som kjem fram av tabellen

under er ei samling av avvik tekne ut frå elevtekstane, skrivne av elevar frå både 9. og 10. trinn.

Tabell 6: Fordeling av avvik ut frå kjelde til påverknad innanfor kategorien bøyning

Bøyning				
Kjelde til påverknad	Tal på avvik	Substantiv	Verb	Andre ordklassar/samsvar
Bokmål	27	*mennesker vs. menneske	*valgte vs. valde	*nå vs. no
Dialekt	134	*lage vs. laget	*sei vs. seie	*dikka vs. dykk
Bokmål og/eller dialekt	38	*gutten vs. guten	*spørre vs. spørje	*et vs. eit
Verken bokmål eller dialekt	70	*gover vs. gåver	*vele vs. velje	*obligadorsk vs. obligatorisk

Om ein går nærare inn og ser på avvika knytt til verbbøyning i elevtekstane vart det, som tidlegare nemnd, registrert heile 177 avvik. Så mykje som 104 av dei 177 registrerte avvika knytt til bøyning av verb hadde samanfall med dialekt/talemål, og vart plasserte innanfor kategorien «dialekt/dialekt nær påverknad». 28 av avvika innanfor verbbøyning hadde samanfall med både bokmål og dialekt, 13 av avvika vart registrert som bokmålpåverka (aleine), medan dei resterande 32 avvika ikkje hadde samanfall med verken bokmål eller dialekt. Nokre eksempel på verbavvik som truleg er påverka av dialekt, er orda «har skreve» i staden for «har skrive», «sei» i staden for «seier» og «vert» i staden for «vore». Ser ein så på eksempel frå kategorien avvik knytt til dialekt og bokmålpåverknad finn ein blant anna orda «spørre» (spørje), «velge» (velje) og «være» (vere). Døme på nokre av avvika som er bokmålpåverka er orda «snakker» (snakkar) og «har funnet» (har funne). Avvik som ikkje kunne koplant til verken dialekt- eller bokmålpåverka var ord som «vejlar» (vel), «gover» (gåver), «viktege» (viktige) og «uviktege» (uviktige).

Ser ein så på bøyingsavvik innanfor «andre ordklassar/samsvar» vart 35 av avvika plassert innanfor kategorien «ingen av delane», då dei ikkje kunne koplast til verken bokmål eller dialekt. 20 av avvika kunne knytast til dialektpåverknad, 11 av dei kunne koplast til bokmålpåverknad, medan dei resterande 8 avvika hadde samanfall med både bokmål og dialekt. Når det kjem til dei 35 avvika som ikkje kunne koplast til verken dialekt- eller bokmålpåverknad handlar desse avvika i stor grad om mangel på samsvarsbøying. Av dei dialektpåverka avvika var orda «ka» (kva), «noken» (nokon) og «me» (med) hyppig brukt. Ut frå desse eksempla kan ein sjå att to av dei 11 mest brukte orda i chat-utdraga, som då er «ka» og «me». Dette er altså to dialektneare former, som bryt med nynorsknorma, men som samstundes ikkje ligg så langt frå den.

Dei siste avvika i bøyingskategorien tek føre seg avvik knytt til substantiv. Her var totalt 10 av avvika knytt til dialektpåverknad, tre av dei var knytt til bokmålpåverknad, to avvik hadde samanheng både bokmål- og dialektpåverknad, og tre av avvika kunne ikkje sjåast i samanheng med nokre av desse kategoriane. Kopla til både bokmåls- og dialektpåverknad fann eg blant anna ordet «gutten», som på nynorsk skal skrivast «guten». Knytt til bokmålpåverknad fann eg t.d. orda «aktivitetene» og «ordene», som på nynorsk og på dialekta deira, skal skrivast og bli uttala «aktivitetane» og «orda». Ser ein på avvika som truleg er dialektpåverka finn ein blant anna orda «daga» (dagar), «gla» (glad) og «språke» (språket). Eit anna funn eg gjorde i elevtekstane, knytt til substantiv, er at elevane har vanskar med å skilje mellom hankjønnsord, hokjønnsord og inkjekjønnsord, altså ein, ei og eit. Til dømes skriv dei ofte «ein jente» i staden for «ei jente», «ein leilegheit» i staden for «ei leilegheit», «ein feiring» i staden for «ei feiring». I alle desse døma kan ein sjå at elevane blandar «ei» og «ein». Det er mogleg at desse avvika kan skuldast påverknad frå bokmål sidan ein på bokmål oftast skriv «en jente», «en leilighet» og «en feiring», til tross for at det også er lov å skrive «ei» framføre desse orda på bokmål. Når elevane les og høyrer mykje bokmål, kan det truleg bidra til at dei lettare miksar desse formene.

#### *4.3.3.2 Leksem som bryt med nynorsknorma*

Leksem som bryt med nynorsknorma var den nest største avvikskategorien. Gjennom elevtekstanalysa registrerte eg totalt 163 leksem som bryt med nynorsknorma (26,2 %). Av desse avvika var dialekt den største påverknadsfaktoren (t.d. \*ken/kem vs. kven), med totalt 66 avvik (40,5 %). 55 av avvika (33,7 %) kunne koplast til både bokmål- og dialektpåverknad



(t.d. \*ellers vs. elles), 29 av dei (17,8 %) kunne koplast til bokmålspåverknad aleine (t.d. \*hvilken vs. kva for ein), og 13 av avvika (8 %) kunne ikkje koplast saman med verken bokmål- eller dialektpåverknad (t.d. \*friends vs. vennar/venar).

I studien til Helset (2021, s. 25) var det registrert 382 avvik innanfor denne hovudkategorien. Resultata kopla til «feil leksem» i studien hans syner at elevane i størst grad er påverka av bokmål (38 %), noko som skil seg ein del frå funna i min studie, der bokmålspåverknad aleine berre utgjorde 17,8 % av avvika i denne kategorien. Etter bokmålspåverknad finn han at det er nest mest avvik knytt til både dialekt- og bokmålspåverknad (33 %), noko som stemmer godt overeins med mine funn (33,7 %). Fleire av døma han kjem med i artikkelen sin knytt til ord som er påverka av både dialekt og bokmål ser eg også att i mine funn, eksempel på dette er orda «man» (ein), «kun» (berre) og «å spille» (å spele) (Helset, 2021, s. 25).

I tabellen nedanfor vil eg trekke fram nokre typiske eksempel på avvik frå kategorien «feil leksem». Tabellen viser også fordeling mellom avvika ut frå kjelde til påverknad.

Tabell 7: Fordeling av avvik ut frå kjelde til påverknad innanfor kategorien feil leksem

Feil leksem		
Kjelde til påverknad	Tal på avvik	Eksempel
Bokmål	29	*muligens vs. kanskje/kan hende *helt vs. heilt
Dialekt	66	*visst vs. viss/dersom *ken vs. kven
Bokmål og/eller dialekt	55	*man vs. ein (høgfrekvent) *kun vs. berre
Verken bokmål eller dialekt	13	*yo vs. hei *fake vs. falsk

Går ein nærare inn og studerer denne tabellen kan ein, som tidlegare nemnd, sjå at elevane i størst grad er påverka av dialekt (40,5 %). Det at dei fleste avvika innanfor kategorien «feil leksem» er kopla til dialektpåverknad aleine, og deretter til både bokmål og dialekt (33,7 %), kan tyde på at elevane i stor grad er påverka av måten dei pratar på, når dei skriv. I tillegg kan det også tyde på at den valfridommen ein finn innanfor nynorsk rettskriving kan føre til forvirring kring kva som eigentleg er lov, og det kan dermed vere med på å skape ei usikkerheit knytt korleis ein skriv korrekt nynorsk (Språkrådet, 2002). Når valfridommen innanfor eit skriftspråk er for stor, skapar det som nemnd uklarheit, som igjen gjer at elevane i større grad vil kome til å blande reglar, ord og former frå både nynorsk og bokmål (Helset, 2021, s. 21).

Nokre eksempel på dialektpåverka leksem som bryt med nynorsknorma er orda «visst», «ka» og «nåken». Eksempel frå både bokmål- og dialektpåverka leksem er «man» og «kun» som er to svært høgfrequente ord i elevtekstane. Ord i elevtekstane som kan seiast å vere påverka av bokmål er til dømes «hvis» og «flyktet». Nokre av desse avvika finn ein også att i studien til Helset (2021), noko som kan tyde på at det ikkje berre er tilfeldige avvik frå nynorsknorma, men at det faktisk er ord som elevane strevar med å skrive korrekt. I tillegg til desse avvika vart det også registrert avvik som ikkje kan seiast å vere påverka av verken bokmål eller dialekt, og eksempel på slike ord er «yo», «fake» og «wow», desse orda kjem truleg frå engelsk språk og blir ofte brukt i tale hjå unge norske i dag. Desse funna kan sjåast i samanheng med det Androutsopoulos (2013) i Folkvord (2020, s. 21) og Eiksund (2019, s. 53) seier om at kodeveksling som skjer i munnleg tale, ofte vil førekomme i skriftleg språk også.

#### 4.3.3.3 *Lydverket – staving*

Avvika som vart funne knytt til lydverket og staving utgjorde samla sett 64 av avvika (10,3 %). Dette gjer difor stavingsavvik, om ein ser vekk frå kategorien «andre avvikstypar», til den tredje største avvikskategorien, bak verbbygging og leksem som bryt med nynorsknorma. Avvik knytt til vokalisme utgjer flest avvik innanfor kategorien lydverket og staving. Av alle avvika som er registrert i denne kategorien utgjer altså avvik knytt til vokalisme (t.d. \*voksen vs. vaksen) heile 45 av dei (70,3 %). Dei resterande 19 avvika (29,7 %) i kategorien kan koplant til konsonantisme (t.d. \*sitt vs. sit). Det er ingen registrerte avvik knytt til diftongering/monoftongering.

I studien til Hellevang (2020) utgjør avvik knytt til lydverket heile 45 % av avvika, dette er ein betydeleg større del enn i min studie, der avvik knytt til lydverket berre utgjør 10.29 %. I granskinga til Helset (2021) utgjorde stavingsavvik den nest største avvikskategorien, noko som i stor grad samsvarar med funna til Hellevang (2020), og i mindre grad til funna i min studie. Helset (2021, s. 20) skriv at innanfor stavingskategorien er det avvik knytt til vokalisme som utgjør mesteparten, og til tross for at eg i min studie har funne langt færre avvik enn det Helset har gjort, samsvarar i alle fall desse resultatane med mine funn, med tanke på at vokalisme er den underkategorien med flest avvik innanfor staving. I Hellevang (2020, s. 70) si gransking var vokalisme den nest største underkategorien innanfor staving/lydverket.

I tabell 8 nedanfor vil eg presentere nokre eksempel på avvik som vart funne i elevtekstane, knytt til kategorien staving. Tabellen syner også fordelinga av avvik innanfor kategorien.

Tabell 8: Fordeling av avvik ut frå kjelde til påverknad innanfor kategorien staving

Staving				
Kjelde til påverknad	Tal på avvik	Konsonantisme	Vokalisme	Diftongering/monoftongering
Bokmål	5	*gutt vs. gut	*siden vs. sidan	Ingen eksempel
Dialekt	26	*nokk vs. nok	*har våre vs. har vore	Ingen eksempel
Bokmål og/eller dialekt	25	Ingen eksempel	*være vs. vere (høgfrekvent)	Ingen eksempel
Verken bokmål eller dialekt	8	*sånn vs. sånn *vill vs. vil	*får vs. før	Ingen eksempel

Innanfor kategorien staving er det, som nemnd, avvik knytt til vokalisme som utgjør flest avvik (sjå Tabell 6). Av dei totalt 64 avvika var 45 av dei, som nemnd tidlegare, knytt til

vokalisme. Av alle avvika som er lista opp i tabellen er 25 av dei (39 %) truleg både bokmål- og dialektpåverka, 26 (40,6 %) av dei er påverka av dialekt aleine, fem av avvika (7,8 %) er bokmålpåverka, medan dei åtte siste avvika (12,5 %) ikkje kunne sjåast i samanheng med nokre av desse påverknadsfaktorane. Typiske ord elevane skriv som er både bokmål- og dialektpåverka er «være», som er eit svært høgfrekvent ord i elevtekstane, «voksen» og «uten». Eit ord dei ofte skriv som er dialektpåverka er «får», i staden for «for». Også mange av dei registrerte avvika innanfor kategorien staving samsvarar med ein god del av funna som er gjort i studien til Helset (2021). Blant anna er orda «være», «gutt» og «nokk» er funne både i mitt og hans datamateriale.

#### 4.3.3.4 Avleiing

Avvik knytt til avleiing utgjorde den minste avvikskategorien i studien. Denne kategorien er delt opp i to underkategoriar som då er prefiks og suffiks. Avvik knytt til suffiks er kopla til feil i endinga av ordet, medan avvik knytt til prefiks er kopla til feil i forstavinga av ordet. Alle avvika i denne kategorien var knytt til suffiks, og det vart totalt registrert 6 avvik, noko som svara til 1 % av alle dei registrerte avvika.

I studien til Helset (2021) fann han heile 345 avvik knytt til avleiing. Av desse avvika var 318 kopla til suffiks, medan 27 var kopla til prefiks (Helset, 2021, s. 20). I studien hans kunne 80 % av avvika innanfor denne kategorien koplant saman med påverknad frå både bokmål og dialekt. Dette skil seg noko frå resultata i denne studien, som ein kan sjå i tabell 9 nedanfor. Til tross for at det var mange fleire registrerte avvik innanfor kategorien avleiing i hans studie, kan ein sjå at det er flest avvik knytt til suffiks i studien til Helset (2021) også, noko som samsvarar med funna som er gjort i denne studien. Desse funna kan tyde på at elevane i større grad strevar med endinga av ord, enn forstavinga av ord.

I tabellen nedanfor trekk eg fram nokre eksempel som vart funne i elevtekstane, knytt til avleiing. Tabellen syner også fordeling av avvik og mogleg påverknadskjelde.

#### Tabell 9: Fordeling av avvik ut frå kjelde til påverknad innanfor kategorien avleiing

Avleiing			
Kjelde til påverknad	Tal på avvik	Prefiks	Suffiks
Bokmål	2	Ingen eksempel	*mulighet vs. moglegheit
Dialekt	1	Ingen eksempel	*likheit vs. likskap
Bokmål og/eller dialekt	2	Ingen eksempel	*rolig vs. roleg
Verken bokmål eller dialekt	1	Ingen eksempel	*voksnare vs. meir vaksne

Som ein kan sjå av tabellen ovanfor var ingen av dei registrerte avvika i denne studien knytt til prefiks. Dette resultatet kan tyde på at elevane har grei kontroll på forstavinga av ord. Elevane strevar meir med suffiks enn prefiks, som tabellen syner, men sett i lys av dei andre hovudkategoriane i studien er ikkje dette noko elevane strevar mykje med. Avvik knytt til avleiing utgjorde, som nemnd, berre 1 % av alle avvika som vart funne i elevtekstane. Dei fleste avvika i denne kategorien var knytt til bokmålpåverknad (aleine) (33,3 %) og både bokmål- og dialektpåverknad (33,3 %). Deretter var det eit registrert avvik (16,7 %) knytt til dialektpåverknad (aleine) og eit registrert avvik (16,7 %) som ikkje kunne knytast til verken bokmål- eller dialektpåverknad.

#### 4.3.3.5 Andre avvikstypar

Denne avvikskategorien syner ikkje påverknad frå bokmål eller dialekt, og er difor ikkje lagt så stor vekt på i studien, då eg i all hovudsak ønskjer å sjå nærare på dei moglege kjeldene knytt til avvika frå nynorsknorma. Men eg skal likevel gå kort inn på avvika i denne kategorien også. Innanfor kategorien «andre feiltypar» var det flest avvik knytt til tastefeil. Med tastefeil meiner eg ord som til dømes har fått ein tilfeldig bokstav ekstra, eller ord som manglar ein bokstav, altså der det openbart har skjedd ein slurvefeil som det ikkje kan stillast tvil til. 44 (36,7 %) av dei totalt 120 avvika som vart registrert i denne kategorien var knytt til

tastefeil. Den nest største avvikstypen i denne kategorien var forveksling mellom og/å, dette utgjorde 40 av avvika (33,3 %). Knytt til særskriving vart det registrert 25 avvik (20,8 %), eksempel på særskriving er at elevane skriv «første mann» i staden for «førstemann» og «dugnad arbeid» i staden for «dugnadsarbeid/dugnadarbeid». Berre eit avvik (0,83 %) er kopla til samskriving i elevtekstane, noko som tyder på at elevane i større grad strevar med særskriving av ord, som dei to eksempla ovanfor viser til.

Helset (2021, s. 20) registrerte også avvik knytt til andre feiltypar i sin studie, han fann totalt 747 avvik innanfor denne kategorien. Resultata hans syner at orddeling utgjorde flest avvik, etterfølgt av feil bruk av stor/liten førebokstav, forveksling mellom og/å, inkonsekvens og til slutt tastefeil. At det er registrert færrest avvik knytt til tastefeil i hans studie og flest avvik knytt til tastefeil i min studie kan tyde på at informantane/deltakarane i min studie kanskje har slurva litt med skrivinga, at dei har hatt mindre tid, eller at dei rett og slett ikkje har lese nøye gjennom teksten sin før dei har levert den.

#### 4.3.4 Moglege kjelder til avvika i elevtekstane

Som det står skrive tidlegare i oppgåva, er informantane i mi oppgåve elevar frå det såkalla nynorske kjerneområdet. Nynorsk er majoritetsspråket i kommunen elevane bur i, medan det er bokmål som dominerer på eit nasjonalt plan, og dialekt nær skriving er det som er mest utbreidd i samtalar (spesielt med venner) på sosiale medium (Helset, 2021, s. 20). For nynorskbrukarar er den daglege språksituasjonen altså prega av både nynorsk, bokmål og dialekt. Det at den daglege språkbruken til elevane i denne studien er variert, kan ein sjå gjennom funna som er gjort i spørjeundersøkinga og i analysen av chat-utdraga. I spørjeundersøkinga rapporterte, som nemnd, 14 av 18 elevar (dvs. 77,8 %) at dei i hovudsak nyttar dialekt nær skriving på sosiale medium, og i chat-utdraga ser ein at dei nyttar bokmålspåverka ord og uttrykk i tillegg til dialekt nær skriving. Funna som er gjort i både spørjeundersøkinga og i chat-utdraga tyder difor heilt klart på at elevane driv språkveksling, mellom nynorsk, bokmål og dialekt, noko som kan bidra til å skape utfordringar for nynorskbrukarane i formell skriving (Helset, 2021, s. 21). I den samanheng er det ikkje uvanleg at ein finn fleire avvik frå norma i tekstar skrivne av elevar med nynorsk som hovudmål, enn tekstar som er skrivne av elevar med bokmål som hovudmål (Helset, 2021, s. 21; Bjørhusdal & Juuhl, 2017). I tillegg til at bokmålspåverknad spelar ei stor rolle for

elevane si formelle skriving, er det også studiar som tyder på at dialektale og dialektnære former er ein sentral påvirkningsfaktor for elevane sin måte å skrive på (sjå t.d Røhme, 2020; Eiksund, 2020; Helset, 2021).

Som nemnd vart det totalt funne 622 avvik i elevtekstane. Av desse var 120 (19,3 %) av avvika knytt til kategorien «andre avvikstypar», som ikkje kan koplast saman med verken bokmål- og/eller dialektpåverknad. Ser ein difor vekk frå dei 120 avvika står ein att med 502 avvik der bokmål- og eller dialektpåverknad kan vere ein potensiell faktor. Av desse 502 avvika var 92 (18,3 %) plassert innanfor kategorien «ingen», då desse avvika ikkje kan seiast å vere påverka av verken bokmål eller dialekt. Desse avvika er såleis i mindre grad interessante for meg å sjå på, men eg valte likevel å trekkje fram nokre eksempel frå denne kategorien også, i dei fire tabellane som vart presenterte i førre delkapittel.

Det at elevane totalt sett har flest avvik knytt til dialekt er eit interessant funn sett i lys av elevane sine eigenrapporterte svar på spørjeskjemaet, som eg såg på i delkapittel 4.1. I spørjeundersøkinga rapporterte 50 %, altså halvparten av elevane, at det vanskelegaste med å skrive korrekt nynorsk er at ein blandar inn ord og former frå bokmål (sjå Tabell 4). Denne statistikken skil seg markant frå funna som vart gjort gjennom analysen av elevtekstane, som viser at det dei faktisk strevar mest med er å skilje normert nynorsk frå dialekt. Heile 227 av avvika (45,2 %) som vart funne i elevtekstane kan tyde på at elevane i stor grad er påverka av eiga dialekt når dei skriv formelle tekstar i ein skulesamanheng. Dette funnet viser altså at elevane sin sjølvrapporterte kompetanse ikkje er den same som deira faktiske kompetanse, noko som er eit interessant funn både språkleg og metodisk/vitskapsteoretisk. Det vart så funne nest mest avvik knytt til både bokmål- og dialektpåverknad, samla sett utgjorde dette 120 av avvika (23,9 %). Det elevane sjølve rapporterer at er det vanskelegaste, er det dei ifølgje analysen av elevtekstane strevar minst med. Avvik knytt til bokmålpåverknad aleine utgjør totalt berre 63 av avvika (12,5 %), noko som gjer dette til den minste avvikskategorien. Desse resultatane skil seg litt frå funna som er gjort i studien til Hellevang (2020, s. 110), der ho rapporterer at elevane i aller størst grad er påverka av bokmål. Men ho gir også uttrykk for at elevane i stor grad er påverka av dialekt, som resultatet i denne studien i hovudsak viser.

I spørjeundersøkinga var det berre 16,7 % av elevane som rapporterte at dei synst det vanskelegaste med å skrive korrekt nynorsk, er å skilje nynorsk frå dialekt. Dette eigenrapporterte svaret skil seg frå resultata og funna som er gjort i elevtekstanalysen og i chat-utdraga. Samanliknar ein funna frå elevtekstane med dei funna som er gjort i chat-utdraga, kan ein sjå at det er ei kopling mellom typiske dialektord og uttrykk som dei skriv til kvarandre på sosiale medium, og slik dei skriv i ein skulesamanheng. På grunnlag av at mange unge i dagens samfunn brukar store delar av fritida si på å chatte med kvarandre på sosiale medium, er det ikkje så rart at det dei eigentleg strevar mest med, nettopp er det å klare å skilje eiga dialekt frå normert nynorsk (Helset, 2021, s. 21-22). Desse resultata kan tyde på at elevane ikkje legg merke til at dei tek med seg ord og former frå snakkeskrivinga, som Rotevatn (2014, s. 9) kallar det språket ein ofte nyttar i sosiale medium, inn i ein skulesamanheng. Når ein gjer noko ofte nok, som i dette tilfelle, å skrive dialektnært i sosiale medium, kan det bli til ein vane eller noko ein gjer på automatikk. Det kan på sikt føre til at det blir vanskeleg for elevane å klare å skilje riktig og feil skrivemåte, eller sagt på ein annan måte, å skilje snakkeskrivinga/netspeak frå normert nynorsk. Desse resultata kan også tyde på at valfridommen innanfor nynorsknorma er så stor at elevane tenkjer dei kan nytte ord og former frå eiga dialekt. Det at valfridommen innanfor nynorsk er så stor er i mange tilfelle grunngeve med nettopp det at nynorskbrukarar skal få skrive på ein måte som er så lik dialekta deira som mogleg (Helset, 2021, s. 21). Men til tross for at ein til ei viss grad kan velje å bruke former som ligg nær eigen dialekt, så er valfridommen likevel avgrensa, slik at ein på langt nær kan velje alle dialektale former.

Gjennom spørjeundersøkinga skulle elevane, som nemnd, ta stilling til om nynorskelevar som nyttar dialekt nær skriving i sosiale medium meistarar å følge offisiell rettskriving for nynorsk i formelle tekstar i ein skulesamanheng (sjå Tabell 5). Vi har sett at det var heile 66,7 % av elevane som meinte at dei fleste ville klare å unngå å blande inn dialektale ord og former i skrivinga. Når vi samanheld dette med funna frå elevtekstanalysen, som altså viser at dei fleste avvika samsvarar med dialekten, tyder dette på at elevane nok ikkje er heilt bevisste over kor påverka dei eigentleg er av dialektskriving (og bokmål) i sosiale medium. Desse funna stemmer godt overeins med det Vangsnes & Røyneland (2020, s. 357) seier om at sosiale medium er med på å utfordre skiljet mellom normert og standardisert skriftspråk. Funna samsvarar også i stor grad med Vangsnes (2021, s. 103) si oppfatning om at sosiale medium er med på å bidra til at den skriftlege kommunikasjonen gradvis vert meir lik



talemålet vårt. Dette fenomenet ser ein i størst grad hjå dei yngre språkbrukarane, sidan dei har vakse opp i eit samfunn der mykje av den skriftlege kommunikasjonen går føre seg på sosiale og digitale medium (Vangsnes, 2021, s. 104). Dei har såleis eit litt annleis syn på skriftleg kommunikasjon enn eldre språkbrukarar.

På eit av spørsmåla i spørjeskjemaet skulle dei også gi uttrykk for kor trygge dei kjenner seg på rettskrivinga på nynorsk, bokmål og på engelsk (sjå Tabell 3). Med tanke på kor trygge dei kjenner seg innanfor nynorsk rettskriving rapporterte seks elevar at dei kjenner seg svært trygge, 10 elevar seier at dei er ganske trygge, medan to elevar rapporterte at dei verken var trygg eller utrygg når det kom til rettskriving i nynorsk. Det er interessant å sjå at så mange av elevane kjenner seg svært- og ganske trygge på rettskrivinga i nynorsk, samstundes som mange av avvika i elevtekstane syner at elevane er usikre på blant anna bøyning av ord (spesielt verb), feil/riktig leksem og staving av ord. Det er i alle fall tydeleg at elevane er prega av både dialekt- og bokmålpåverknad, sjølv når dei skriv formelle tekstar, noko som også samsvarar med funn gjort i andre studiar (Helset, 2021; Røhme, 2020; Eiksund, 2020).

Ut frå dei fire tabellane som er presenterte i førre delkapittel (Tabell 6,7,8 og 9), med døme på avvik frå elevtekstane, kan ein altså sjå at dialekt er den dominerande påvirkningsfaktoren i alle kategoriane, sett vekk frå skjemaet som syner avvik knytt til avleiing. Innanfor staving utgjer dialektpåverknad 40,6 %, innanfor bøyning utgjer dialektpåverknad 49,8 % og innanfor feil leksem utgjer dialektpåverknad 40,5 %. Deretter er det jamt over (i dei fleste kategoriane) bokmål og/eller dialektpåverknad som utgjer nest flest avvik. Innanfor kategorien staving utgjer bokmål- og dialektpåverknad 39 %, innanfor kategorien bøyning utgjer det 14,1 % og i kategorien feil leksem utgjer det 33,7 %. Så kjem avvik som verken kan koplust til bokmål eller dialekt, og til slutt, med færrest registrerte avvik, finn ein avvik knytt til bokmålpåverknad aleine. Ser ein desse funna i lys av funna til Helset (2021, s. 25), skil resultata i denne studien seg noko frå resultata i hans studie. I studien hans er det bokmålpåverknad som dominerer i fleire av kategoriane, som blant anna bøyning (39 %) og feil leksem (37 %). I stavingskategorien finn han at det er ein kombinasjon av bokmål- og dialektpåverknad (60 %) som er dominerande (Helset, 2021, s. 25).

Mange av avvika som er nemnd i tabell 6, 7, 8 og 9 ovanfor er ord som elevane brukar mykje i sin daglegtale, og når dei chattar med kvarandre på sosiale medium. Nokre eksempel på avvik som eg ser går att i både chat-utdraga og elevtekstane deira er orda «man» (ein), «e» (er), «reise» (reiser), «ka» (kva), «dikka» (dykk), «me» (med) og «kem» (kven). Ein del av desse hyppig brukte orda, er også ord som elevane sjølv rapporterte gjennom spørjeundersøkinga at dei brukar mykje når dei skriv i SoMe. Blant dette utvalet av ord, finn eg att orda «dikka», «ka» og «e» frå dei eigenrapporterte svara. Ein del av desse orda finn også Røhme (2020) i si gransking, noko som kan tyde på at sognemålet (dialekt) er med på å prege elevane si rettskriving på nynorsk. Det at ein kan sjå eit mønster i orda elevane nyttar på SoMe og i ein skulesamanheng støttar hypotesen min om at ein del av avvika kan skuldast mykje dialektskriving på sosiale medium. Funna som er gjort i artikkelen til Helset (2021) støttar også opp om den hypotesen. Han gir uttrykk for at avvika i elevtekstane med stort sannsyn kan koplast saman med den hyppige bruken av dialekt nær skriving i SoMe, noko han grunnjev med at dei beste skrivarane i utvalet også har dei «SoMe-typiske» avvika i tekstane sine (Helset, 2021, s. 26).

Helset (2021, s. 25) gir i sin studie uttrykk for at mange av funna indikerer at ungdom i stor grad er klar over at skriving på sosiale medium og skriving av formelle tekstar, er to forskjellige skrivesituasjonar. Dette er noko eg opplev at elevane i min studie også er klar over. Ut frå spørjeundersøkinga, chat-utdraga og elevtekstanalysen ser ein likskapar og samanhengar (særleg på enkelte ord og uttrykk), men også ulikskapar. Elevane veit til dømes at det i ein skulesamanheng ikkje skal nyttast Emojis, noko Helset (2021, s. 25) også presiserer i sin studie. Han argumenterer også for at ein del av avvika som er funne i elevtekstane, kan skuldast den massive dialektbaserte kommunikasjonen på sosiale medium, nettopp fordi avvika i så stor grad samsvarer med den lokale dialekta, noko som stemmer svært godt overeins med mine funn (Helset, 2021, s. 26). Ei overvekt av avvika som er funne i denne studien samsvarar med dialekta deira, og det er difor grunn til å tru at snakkeskrivinga på sosiale medium kan spele ei rolle.

I og med at dei aller fleste avvika i denne studien er knytt til dialektpåverknad og dialekt nær skriving, er det interessant å sjå litt nærare på akkurat desse avvika knytt opp mot sognemålet. Innanfor det tradisjonelle sognemålet er det som nemnd i kapittel 2.4.1 ganske vanleg med diftongering, men dette er noko som i mindre grad vert praktisert av dei yngste

språkbrukarane. I mitt datamateriale fann eg ingen teikn til diftongering, verken i chat-utdraga eller i elevtekstanalysen. Dette funnet samsvarar i stor grad med det Ølmhem (1983, s. 41) skriv i artikkelen sin, om at dei yngste innanfor midtresognsmålet ofte nyttar vanleg å-uttale (eller ein kombinasjon av å- og ao-uttale), i staden for ao-uttalen. Det er også noko vanleg med særeigne uttalar av enkelte pronomen og nektingsadverb innanfor sognemålet, og eksempel på dette vart funne i elevtekstanalysen (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 91). Blant anna fann eg orda «mi» og «dikka», som er typisk for sognemålet. Utlyds-r er noko ein oftast ikkje nyttar innanfor sognemålet, også dette såg eg att i elevtekstane deira (Hellevang & Helset, 2022, s. 48). Til dømes skriv dei «tippa» i staden for «tippar», «lika» i staden for «likar» og «kriga» i staden for «krigar». Desse funna tyder difor i stor grad på at elevane er prega av måten dei snakkar på, og skriv på i sosiale medium. Eg fann også døme på innskotsvokal i nokre av elevtekstane, også dette er svært vanleg for midtresognsmålet (Ølmheim, 1983, s. 54). Til dømes skriv dei «gidde» i staden for «gidd» og «teke» i staden for «tek/tar». Resultatet og mange av funna som er gjort gjennom analysen kan tyde på at elevane har ein del trekk som er like med det tradisjonelle sognemålet, men samstundes utviklar elevane dialektale trekk som skil seg noko frå det tradisjonelle. Ein del ord og former er mindre «breie», og nokre er skifta ut med former som passar betre saman med bokmål, som er det mest utbreidde skriftspråket på nasjonalt nivå (Hellevang & Helset, 2022, s. 48; Fridtun, 2016, s. 126). Det at elevane prøvar å tilpasse språket slik at det passar betre saman med bokmål kan ein til dømes sjå ved at dei byter ut avleiingssuffikset *-leg* med *-lig* (Fridtun, 2016). I tekstane skriv dei blant anna «bokstavelig» i staden for «bokstaveleg» og «virkelig» i staden for «verkeleg».

## 5 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Formålet med denne oppgåva har vore å undersøke i kva grad den nynorske rettskrivinga til eit utval elevar med nynorsk som hovudmål, er påverka av innslag frå høvesvis bokmål og dialekt. Eg har også forsøkt å sjå på om det kan vere ei kopling mellom mykje dialekt nær skriving på sosiale medium og avvik frå nynorsknorma i formelle tekstar. I den samanheng gjennomførte eg ei kvantitativ spørjeundersøking og ei kvalitativ tekstanalyse av nokre private chat-utdrag. I tillegg har eg registrert og analysert bokmåls- og talemålsavvik i totalt 17 elevtekstar, skrivne av elevar frå éin ungdomsskule, som ligg i kjerneområdet for nynorsk. Sjølv forskingsspørsmålet for oppgåva var: *I kva grad og på kva for måtar er bokmål, dialekt/talespråk og dialekt nær skriving på sosiale medium med på å påverke 9.- og 10.-*

*klassingane ved ein ungdomsskule i Sogndal kommune skuleåret 2022/2023 si rettskriving slik ho kjem til uttrykk gjennom formelle nynorsktekstar som dei har skrive i skulen?*

Dei 17 elevtekstane som vart analyserte i denne studien bestod av totalt 16140 ord, noko som gir eit gjennomsnitt på 949,4 ord per tekst. I analyseprosessen vart avvika registrerte- og plasserte inn i eit skjema for avvikstypar, som bestod av totalt fem hovudkategoriar. Totalt vart det registrert 622 avvik frå norma, og i snitt gav dette 36,5 avvik per elevtekst. Per 100 ord vart det i gjennomsnitt registrert 3,8 avvik. Alle avvika som vart funne blei plassert innanfor ein av desse hovudkategoriane: staving (10,29 %), bøyning (43,27 %) , avleiing (0,97%) , leksem som bryt med nynorsknorma (26,20) og andre feiltypar (19,29 %). Som ein ser ut frå prosentane her, er dei fleste avvika i elevtekstane knytt til bøyning av ord, og då spesielt bøyning av verb. Deretter finn ein flest avvik innanfor kategorien «leksem som bryt med nynorsknorma». Innanfor kategorien «andre feiltypar» kan ikkje avvika skuldast bokmål og/eller dialektpåverknad, og dermed er det stavingskategorien som utgjer den tredje største avvikskategorien i studien. Innanfor staving er det avvik knytt til vokalisme som utmerkjer seg.

I studien min fann eg at jentene i snitt hadde noko fleire avvik per 100 ord enn gutane. Jentene hadde gjennomsnittleg 4,45 avvik per 100 ord, medan gutane hadde 3,98 registrerte avvik per 100 ord. Skilnaden er, som ein kan sjå, ikkje så stor, men dette var likevel eit noko uventa og oppsiktsvekkande funn basert på funn som er gjort i tidlegare studiar (sjå t.d. Helset, 2021). Men som nemnd i kapittel 4.3 er det ikkje alltid nødvendigvis slik at jenter presterer betre enn gutar i språkfag, noko Grøgard & Arnesen (2016) presiserer i sin artikkel. Forsking syner også at individuelle forskjellar har mykje å seie for resultata, og ein kan difor tenkje seg at det er av stor betydning i ein så liten studie som denne (Bakken, 2008).

Som nemnd i metodekapittelet har studien min relativt få informantar. Dette fører til at resultata har mindre generaliseringsverdi enn i studiar med større utval, og med utval frå fleire stader. Resultata i denne studien kan difor ikkje tale på vegner av alle ungdommar innanfor det nynorske kjerneområdet. Forskinga kan såleis ikkje gi uttrykk for korleis nynorskungdom si rettskriving er på eit generelt grunnlag, då desse resultata syner eit mindre utsnitt av verkelegheita. Men samstundes gir ein så liten studie som dette, meg som forskar, eit godt og

tydeleg innblikk i den språklege situasjonen til elevane på den utvalgte skulen. Ei styrke ved studien er at elevtekstane var skrivne før elevane fikk kjennskap til prosjektet, noko som gjer innhaldet i tekstane mest mogleg autentisk. Det at spørjeundersøkinga inneheldt mange lukka svaralternativ, og at den berre seier noko om eigenrapportert språkbruk, kan vere ei ulempe for resultatane, då dette kan føre til upresise og mindre pålitelege svar. Men desse eigenrapporterte svara, sett i lys av funna frå chat-utdraga og elevtekstane, bidrog samstundes til ei betre og meir heilskapleg forståing av elevane sin språklege situasjon. Denne metodetriangleringa var altså med på å avdekke skilnader mellom rapportert språkkompetanse og faktisk språkkompetanse. I tillegg var den med på å avdekke kjelder til avvik, der eg fann ut at dialektpåverknad var den viktigaste kjelda, samstundes som ein ser at den dialektnære skrivinga på SoMe forsterkar problemet.

Gjennom studien har eg granska elevane sine eigenrapporterte svar (frå spørjeundersøkinga) og dei faktiske avvika som er avdekte gjennom elevtekstanalysen. Til tross for at elevane i min studie sjølv har rapportert at dei er svært- eller ganske trygge på rettskrivinga i nynorsk, syner funna og resultatane at dei i stor grad strevar med å skilje normert nynorsk frå dialekt/dialektnær skriving og bokmål. Det er den dialektnære skrivinga som utgjer flest avvik totalt sett (45 %), noko som tilseier at elevane i min studie i størst grad strevar med å skilje normert nynorsk frå dialekt, når dei skriv formelle tekstar. Men det er også tydeleg at dei er påverka av innslag frå bokmål, då bokmål- og dialektpåverknad utgjer den nest største avvikskategorien i studien (24 %). Avvik som ikkje kunne knytast til verken bokmål eller dialekt utgjorde ca. 18%, medan bokmålpåverknad aleine var den kategorien med færrest registrerte avvik (13 %). Det at elevane i såpass stor grad er påverka av både dialekt og bokmål samsvarar også godt med funn frå tidlegare studiar som er gjort på feltet (sjå t.d. Helset, 2021; Røhme, 2020; Eiksund, 2020; Hellevang & Helset, 2022).

Barn og unge som veks opp innanfor det nynorske kjerneområdet kan i mange tilfelle kallast fleirspråklege. Dette på grunnlag av at dei veks opp på ein stad der nynorsk er det mest utbreidde språket, samstundes som bokmål er det dominerande språket på nasjonalt nivå, medan dialektnær skriving er mest brukt i kommunikasjon med familie og venner på sosiale medium (Helset, 2021, s. 27). Svara deira frå spørjeundersøkinga støttar også opp om at elevane innanfor det nynorske kjerneområdet er fleirspråklege (sjå kapittel 4.1). Dei eigenrapporterte svara syner at elevane i stor grad vekslar mellom språk ut frå situasjon,

mottakar og formål, noko også andre studiar tyder på (sjå t.d Helset & Brunstad, 2020; Helset, 2021). Dette vil seie at elevane i mange tilfelle driv kodeveksling. Og dette kan til sjuande og sist vere med på å påverke elevane si rettskriving (i nynorsk), noko resultata frå elevtekstanalysen syner (sjå kapittel 4.3).

Det at nynorsk skriftspråk legg til rette for nokså stor valfridom innanfor nynorsknorma, i form av at ein kan velje mellom fleire alternative stavemåtar av det same ordet, kan vere ein bidragsytar til forvirring kring tillatne og ikkje tillatne former (Helset, 2021). Sidan elevane i min studie i størst grad er påverka av dialekt, kan ein tenkje seg at dette er noko av årsaka. Dialekta deira ligg ikkje så langt frå normert nynorsk, og dei moglege alternative skrivemåtane kan difor føre til at elevane tenkjer at dei kan nytte former frå eiga dialekt. Men samstundes er det viktig å hugse på at denne valfridommen berre legg til rette for at ein til ei viss grad kan velje former som ligg nær eiga dialekt, og ein kan difor på langt nær velje alle dialektale former. Truleg kan dialektpåverknaden også skuldast den massive bruken av talemålnær skriving, eller snakkeskriving, i sosiale medium, som Helset (2021) og Hellevang & Helset (2022) også er inne på i sine artiklar. Elevane gir sjølv uttrykk for at dei i aller høgste grad nyttar dialekt når dei chattar med kvarandre på SoMe (sjå Tabell 1 og 2).

Resultata frå denne studien tyder på at elevane er påverka av både dialekt/talemål, dialekt nær skriving i sosiale medium- og bokmål. Funna tyder på at elevane i mange tilfelle er klar over at dei i stor grad er kodevekslarar, og at dei har mottakarmedvit. Men ein kan også sjå at dei har vanskar med å skilje språklege trekk i snakkeskrivinga frå den formelle skrivinga. For sjølv om både min studie og andre studiar syner at ungdommen er veldig klar over at skriving i ulike kontekstar til ulike mottakarar, stiller ulike forventningar til språklege uttrykksformer, har vi sett at både min studie og andre studiar syner at dei umedvitne blir påverka av både dialekt og bokmål når dei skal skrive korrekt nynorsk. Resultata syner også at ord og former elevane brukar når dei chattar med kvarandre på sosiale medium, er lett å ta med seg inn i den formelle skrivinga. Skiljet mellom dialekt nær skriving og normert nynorsk verkar difor å vere noko uklart for elevane.

Det digitale samfunnet har hatt ei rivande utvikling, og er i stadig og rask utvikling. At elevane er prega av dei digitale media er difor naturleg. Snakkeskrivinga er hyppig i bruk, og

det er ikkje rart om den gir seg utslag i å bli fotografert i minnet. Når ein ser ord skrivne på eit bestemt vis mange nok gongar, så festar dei seg, det er jo slik vi i starten lærer lesekunsten også. Dei dialektale formene frå snakkeskrivinga kan difor bli naturleg for dei, så naturleg at dei etter kvart ikkje ser at det er avvik frå norma. Såleis kan dette vere med på å forklare det faktum at dei ikkje ser denne påverknaden sjølv. Den skjer ubevisst, dei trur sjølv det er bokmål som påverkar mest, men dei dialektale innslaga i snakkeskrivinga har blitt ein så stor del av språket deira at dei ikkje merkar dette «språket» som feil. Dette fell også inn under korleis språk utviklar seg ved utvatning. Kanskje er det også mogleg at delar av dette snakkespråket har blitt godkjent rettskriving i framtida.

## Litteraturliste

- Androutsopoulos, J. (2013). Code-switching in computer-mediated communication. I S. Herring, D. Stein, & T. Virtanen (Red.), *Pragmatics of Computer-Mediated Communication* (s. 667–694). De Gruyter Mouton.
- Bakken, A. (2008). Nye tall om ungdom: Er kjønnsforskjeller i skoleprestasjoner avhengig av klassebakgrunn og minoritetsstatus? *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 8(1), 85–93.
- Bjørhusdal, E., & Juuhl, G. K. (2017). Bokmålsavvik frå nynorsknorma i sjetteklassetekstar. *Maal og minne*, 109(1), 93–121.
- Eiksund, H. (2019). Språkpraksisar i randsona: Eit portrett av ein hovudmålsbrytar. *Målbryting*, 10, 49–76. <https://doi.org/10.7557/17.4971>
- Eiksund, H. (2020). Å kunne skilje nynorsk frå bokmål og dialekt: Skriveutvikling hos eit utval elevar frå sjette til tiande trinn. *Maal og minne*, 112(1), 27–64.
- Eiksund, H. (2021). *Samanheng og samanfall: Ein studie av forholdet mellom opplæringsmål og utvikling av skriftlege ferdigheiter* [Doktorgrad, Universitetet i Bergen]. Bergen Open Research Archive. <https://hdl.handle.net/11250/2754576>
- Folkvord, M. S. (2020). *Normer i et ikke-normert skriftspråk: En studie av talemålsnær skrivning på Facebook Messenger blant trondheimere* [Masteroppgave, Universitetet i Bergen]. Bergen Open Research Archive. <https://hdl.handle.net/1956/22890>
- Foss, E. S. (2022, 13. januar). *1 av 9 har nynorsk som hovudmål i skolen*. Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/statistikk/elevar-i-grunnskolen/artikler/1-av-10-har-nynorsk-som-hovudmal-i-skolen>
- Fretland, J. O., & Søyland, A. (2013). *Rett og godt!: Handbok i nynorskundervisning*. Det Norske Samlaget.
- Fridtun, K. (2016). Du hæire ka dai saie. I J. Tvinnereim (Red.), *Nordfjordboka: Kulturhistorisk vegvisar* (s. 124–127). Selja Forlag.



- Grøgaard, J. B., & Arnesen, C. Å. (2016). Kjønnforskjeller i skoleprestasjoner: Ulik modning? *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 16(2), 42–68.
- Haugen, R. (1998). *Variasjon og endring i sogndalsdialekten: Ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet i Sogndal* [Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen].  
<https://doi.org/10.7557/17.4718>
- Hellevang, A. K. A. (2020). *Normkompetanse hos vg3-elevar med nynorsk som hovudmål* [Masteroppgåve, Høgskulen i Volda]. BraVO. <https://hdl.handle.net/11250/2836711>
- Hellevang, A. K. A., & Helset, S. J. (2022). Normkompetanse hos vg3-elevar med nynorsk som hovudmål: Ein studie av avvikstypar og mogleg påverknad frå dialekt og bokmål. I S. J. Helset & E. Brunstad (Red.), *Form og formidling knytt til nynorsken* (s. 45–67). Cappelen Damm Akademisk.
- Helset, S. J. (2021). Norm competence among multilingual youth in Western Norway. *Linguistic Minorities in Europe*. <https://doi.org/10.1515/lme.14813238>
- Helset, S. J., & Brunstad, E. (2020). Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventingar mellom ungdommar i det nynorske kjerneområdet. I G. K. Juuhl, S. J. Helset, & E. Brunstad (Red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 93–118). Cappelen Damm Akademisk.
- Hårstad, S. (2010). *Unge språkbrukere i gammel by: En sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i trondheim* [Doktoravhandling, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet]. NTNU Open. <http://hdl.handle.net/11250/243705>
- Hårstad, S. (2021). Digital skriving under den sosiolingvistiske lupen: Har det skjedd en språklig revolusjon? I L. Jølle, A. S. Larsen, H. Otnes, & L. I. Aa (Red.), *Morsmålsfaget som fag og forskningsfelt i Norden* (s. 21–45). Universitetsforlaget.  
<https://doi.org/10.18261/9788215050997-2021-03>

- Jacobsen, D. I. (2022). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (4. utg.). Cappelen Damm Akademisk.
- Juuhl, G. K., & Michelsen, M. (2020). Forskning på barn og ungdoms tekstar og tekstpraksisar på fritida, med eit nordisk fokus. *Nordic Journal of Literacy Research*, 6(3), 4–26.
- Kringstad, T., & Kvithyld, T. (2015, 29. juni). *Fem prinsipper for god skriveopplæring*. Utdanningsforskning.no. <https://utdanningsforskning.no/artikler/2013/fem-prinsipper-for-god-skriveopplaring/>
- Kunnskapsdepartementet. (2017, 1. september). *Grunnleggende ferdigheter*. Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/prinsipper-for-laring-utvikling-og-danning/grunnleggende-ferdigheter/?lang=nob>
- Kunnskapsdepartementet. (2019, 15. november). *Grunnleggende ferdigheter*. Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/lk20/nor01-06/om-faget/grunnleggende-ferdigheter?lang=nob>
- Lunde, K. (2020). Lokal majoritet, nasjonal minoritet: Ein studie av skriftspråkskifte i robuste nynorskkommunar. I G. K. Juuhl, S. J. Helset, & E. Brunstad (Red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 119–144). Cappelen Damm Akademisk.
- Lunde, K., & Røyneland, U. (2023). *Prosedyre for innsamling av private meldingar*. <https://osf.io/fgw7q>
- Morland, P. S. (2020). «U have to talk together 🗣️»: En studie av kodeveksling, emoji og emotikon i Facebook Messenger-samtaler [Masteroppgave, Universitetet i Bergen]. Bergen Open Research Archive. <https://hdl.handle.net/1956/22898>
- Mæhlum, B., & Røyneland, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet: Innføring i studiet av dialektar*. Cappelen Damm Akademisk.

- NESH. (2021). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora*.  
<https://www.forskningsetikk.no/globalassets/dokumenter/4-publikasjoner-som-pdf/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora>
- Nordal, A. L. S. (2012). Med glede og respekt: Meir merksemd til nynorskelevane. *Bedre skole, 1*, 30–34.
- Palm, K. (2019). Grunnleggende lese- og skriveopplæring når norsk er andrespråket. I E. Selj & E. Ryen (Red.), *Med språklige minoriteter i klassen: Språklige og faglige utfordringer* (3. utg., s. 132–151). Cappelen Damm Akademisk.
- Perlic, B. (2019, 27. august). *Ingen tegn til mindre kjønnsforskjeller i grunnskolepoeng*. Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/ingen-tegn-til-mindre-kjonnsforskjeller-i-grunnskolepoeng>
- Postholm, M. B., & Jacobsen, D. I. (2018). *Forskningsmetode for masterstudenter i lærerutdanning*. Cappelen Damm Akademisk.
- Riksem, B. R. (2016). *Grammatikk og rettskriving: Nye rammer for språknormering*. Novus Forlag.
- Rotevatn, A. G. (2014). *Språk i spagaten: Facebook-språket. Om normert språk og dialekt blant vestlandselevar* [Masteroppgave, Høgskulen i Volda]. BraVO.  
<http://hdl.handle.net/11250/2357530>
- Røhme, T. Ø. (2020). *Bokmåls- og talemålsavvik i nynorske elevtekstar: Ein kvantitativ studie om bokmåls- og talemålsavvik i tekstar skrivne av elevar med nynorsk som hovudmål* [Masteroppgave, UiT Norges arktiske universitet]. <https://hdl.handle.net/10037/18872>
- Røyneland, U. (2018). Virtually Norwegian: Negotiating language and identity on YouTube. I U. Røyneland & C. Cutler (Red.), *Multilingual Youth Practices in Computer Mediated Communication* (s. 145–168). Cambridge University Press.

- Språklova. (2022). *Lov om språk (språklova)* (LOV-2021-05-21-42). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42>
- Språkrådet. (u.å.). *Bokmål og nynorsk*. Språkrådet. Henta 10. mai 2023 frå  
<https://www.sprakradet.no/spraklov/spraka-i-lova/bokmal-og-nynorsk/>
- Språkrådet. (2002). Granskingar av valfridommen i nynorsk. *Språknytt*, 30–35.
- Språkrådet. (2021, 9. desember). *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk*.  
Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/retningslinjer-for-normering-2021--bokmalsversjon.pdf>
- Staalesen, P. D. (2014). *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål* (Nr. 2014–07; Proba samfunnsanalyse). [https://proba.no/wp-content/uploads/probarapport-2014-07-undersokelse-av-nynorsk-som-hovedmal\\_med-justerte-tabeller.pdf](https://proba.no/wp-content/uploads/probarapport-2014-07-undersokelse-av-nynorsk-som-hovedmal_med-justerte-tabeller.pdf)
- Søyland, A. (2002). *Typar feil i nynorsk*. Språkrådet.  
<https://www.sprakradet.no/localfiles/nyno02aso.pdf>
- Tangen, R. (2010). «Beretninger om beskyttelse»: Ethiske dilemmaer i forskning md sårbare grupper—Barn og ungdom. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 94(4), 318–329.  
<https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2987-2010-04-07>
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode* (4. utg.). Fagbokforlaget.
- Thurén, T. (2009). *Vitenskapsteori for nybegynnere* (2. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Tonne, I. (2018). Grammatikk i lese- og skriveopplæringen. I I. B. Budal (Red.), *Språk i skolen: Grammatikk, retorikk, didaktikk* (2. utg., s. 189–222). Fagbokforlaget.
- Utdanningsdirektoratet. (2021, mai 27). *Kunnskapsgrunnlag for kvalitetskriterium for læremiddel i norsk*. Utdanningsdirektoratet. <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/laremidler/kvalitetskriterier-for-laremidler/kunnskapsgrunnlag-kvalitetskriterium-norsk/laremidler-i-norskfaget/komplekse-norskfaget/>

Vangsnes, Ø. A. (2021). Dialekt i sosiale medium: Det norske perspektivet. *Språk i Norden*, 49(1), 94–109.

Vangsnes, Ø. A., & Røynealand, U. (2020). Joina du kino imårgå?: Ungdommars dialektskriving på sosiale medium. *Oslo Studies in Language*, 11(2), 357–392.  
<https://doi.org/10.5617/osla.8508>

Ølmheim, P. A. (1983). «...sa sogningen til fjordingen»: Målføre i Sogn og Fjordane. Sogn mållag - Firda mållag.

# VEDLEGG

## Vedlegg 1: Informasjons- og samtykkeskriv

Dette brevet er sendt ut etter samråd med rektor ved \*\*\* skule.

### **Nynorskrettskriving**

Dette er ein førespurnad om samtykke til deltaking for barnet ditt i masterprosjektet *Nynorskrettskriving*. I dette brevet vil eg gi deg informasjon om føremålet med prosjektet og kva deltakinga til barnet ditt vil innebære.

#### **Føremålet med prosjektet**

*Nynorskrettskriving* er arbeidstittelen på mi masteroppgåve i norsk på Master i grunnskulelærerutdanning, 5-10, ved Høgskulen i Volda. Føremålet med prosjektet er å kartlegge nynorskkompetansen hos 9.- og 10.-klassingar ved Sagatun skule skuleåret 2022/2023, og å finne forklaringar til avvik frå nynorsknorma.

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Høgskulen i Volda (HVO) er ansvarleg institusjon for prosjektet.

#### **Kvifor blir du beden om å samtykke til at barnet ditt kan ta del i prosjektet?**

For informantar under 18 år må ein føresett godkjenne at eleven kan vere deltakar. Derfor ber eg her ein av dei føresette om løyve til at barnet dykkar stiller som deltakar ein gong i løpet av våren 2023.

#### **Kva inneber deltakinga for barnet ditt?**

I denne granskinga ønskjer eg å samle inn éin tekst skriven i nynorsk hovudmål frå kvar deltakar i løpet av våren 2023, og at kvar deltakar svarar på eit digitalt spørjeskjema om språk og språkbruk. Dessutan vil eg be deltakarane om å frivillig donere ein eller fleire skjermdumpar frå chattar med ikkje-sensitivt innhald som dei har hatt med medelevar på sosiale medium. Grunnen til at eg ønskjer å samle inn i utdrag frå slike chattar, er at eg ønskjer å undersøke om den dialektnære skrivinga som vi veit at mange ungdommar praktiserer på sosiale medium, kan føre til at (forsterka) innslag av dialektnære former som bryt med nynorsknorma når elevane skal skrive korrekt nynorsk i skulen. Det er berre chattar som er mellom personar som har samtykka til prosjektet som vil bli delt med meg som forskar. Berre eg og prosjektansvarleg vil ha kjennskap til kva for elevar som har skrive tekstane og chattane, og tekstane og chattane vil bli lagra i passordbeskytta fil ved HVO. Utdrag frå elevtekstane og chattane kan bli brukte i masteroppgåva mi, men dei vil i så tilfelle vere fullt ut anonymiserte. Datainnsamlinga vil føregå på \*\*\* skule.

#### **Deltakinga er frivillig**

Deltaking i prosjektet er frivillig. Dersom du vel å gi samtykke til at barnet ditt kan delta, kan du når som helst trekke tilbake samtykket ditt utan å oppgi grunn. All informasjon om barnet ditt blir då sletta. Det vil ikkje få negative konsekvensar for barnet ditt dersom du vel å ikkje gi samtykke eller seinare bestemmer deg for å trekke samtykket.

#### **Personvernet til barnet ditt – korleis vi vil lagre og bruke personopplysningane?**

Vi vil berre bruke personopplysningane om barnet ditt til føremålet som er spesifisert i dette informasjonsbrevet. Vi vil behandle personopplysningane om barnet ditt konfidensielt og i

samsvar med personvernlovgivinga (Personopplysningsloven og EU-forordninga General Data Protection Regulation and Personal Data Act).

- Berre forskarane bak prosjektet vil ha tilgang til personopplysningane, og då slik at dataa til barnet ditt vil bli knytt til ein kode og ikkje direkte til namnet til barnet ditt.
- Ei liste over namn og respektive kodar vil bli lagra separat frå resten av dei innsamla dataa. Dataa vil bli lagra på ein forskingsservar og vil vere fullstendig anonymiserte.
- Deltakarar vil ikkje vere gjenkjennelege i publikasjonar som er eit resultat av prosjektet.

### **Kva vil skje med personopplysningane på slutten av forskingsprosjektet?**

Prosjektet vil bli avslutta i mai 2023. Då vil personopplysningane om barnet ditt bli sletta, medan dei innsamla dataa vil bli fullstendig anonymiserte og tatt vare på ved HVO på ubestemt tid for framtidig forskning.

### **Rettane dine**

Så lenge barnet ditt kan bli identifisert i dei innsamla dataa, har du rett til å:

- få tilgang til personopplysningane som blir behandla om barnet ditt
- be om at personopplysningane om barnet ditt blir sletta
- be om at uriktig personopplysningar om barnet ditt blir retta
- motta ein kopi av personopplysningane om barnet ditt (dataportabilitet), og
- sende ein klage til ansvarleg for personvern i forskning ved HVO eller til Datatilsynet om behandlinga av personopplysningane om barnet ditt

### **Kva gir oss rett til å behandle personopplysningane til barnet ditt?**

Vi vil behandle personopplysningane om barnet ditt basert på samtykket ditt. Basert på innsendt meldeskjema og avtale med Høgskulen i Volda har Sikt (Personverntjenester for forskning) vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernlovgivinga.

### **Kvar kan eg finne ut meir?**

Har du spørsmål om prosjektet, eller ønsker å utøve rettane dine, ta kontakt med:

Prosjektansvarleg ved HVO, professor Stig J. Helset: [stig.jarle.helset@hivolda.no](mailto:stig.jarle.helset@hivolda.no)

Personvernombodet ved HVO, Cecilie Røeggen: [cecilie.roeggen@hivolda.no](mailto:cecilie.roeggen@hivolda.no)

Sikt (Personverntjenester for forskning): <https://sikt.no/tjenester/personverntjenester-forskning>

Med venleg helsing

Stig Jarle Helset  
(Forskar/rettleiar/prosjektansvarleg)

Drude Bale  
(Student)

---

### **Samtykkeerklæring**

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Nynorskrettskriving* og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til at Drude Bale i dette prosjektet:

- kan bruke ein anonymiserte versjon av nynorsktentamen skriven av barnet mitt
- kan bruke resultat frå den anonymiserte spørjegranskinga som barnet mitt har svara på

kan bruke chattar med medelevar viss barnet mitt frivillig vil donere slike til prosjektet

Eg samtykker til at opplysningane om barnet mitt blir behandla fram til prosjektet er avslutta

-----  
[Namnet på eleven]

[Signatur]



## Vedlegg 2: Spørjeundersøking

### Spørjeskjema

#### Kode, klasstrinn og kjønn

Kode

Skriv inn koden din her. FRITEKSTFELT

Klasstrinn

(1)  9. klasse

(2)  10. klasse

Kjønn

(1)  Gut

(2)  Jente

(3)  Anna

#### 1) Heimkommune

Er du vaksen opp i \*\*\*?

(1)  Ja

(2)  Nei

*Dei som svarar «Ja», skal bli leidde vidare til neste hovudspørsmål. Sjekk innstillingar i Nettskjema. Dei som svarar «Nei», får følgjande to oppfølgingsspørsmål.*

Kvar vart du fødd? (Oppgi fylke og by/tettstad dersom du vart fødd i Noreg og land dersom du vart fødd utanfor Noreg). FRITEKSTFELT

Når flytta du til \*\*\*? FRITEKSTFELT

## 2) Utdanning

Trur du at du vil ta utdanning på høgszkule eller universitet?

- (1)  Ja
- (2)  Nei

## 3) Skriftspråk

Kva er hovudmålet ditt i skulen?

- (1)  Nynorsk
- (2)  Bokmål

Har du skifta hovudmål i løpet av barneskulen eller ungdomsskulen?

- (1)  Ja
- (2)  Nei

*Dei som svarar «Ja», skal bli leidde vidare til neste hovudspørsmål. Sjekk innstillingar i Nettskjema. Dei som svarar «Nei», får følgjande to oppfølgingsspørsmål.*

Kva tid skifta du hovudmål?

- (1)  I løpet av barneskulen
- (2)  Ved overgangen frå barneskule til ungdomsskule
- (3)  I løpet av ungdomsskulen

Kva skifta du frå og til?

- (1)  Eg skifta frå bokmål til nynorsk
- (2)  Eg skifta frå nynorsk til bokmål

Kva skriv du når du noterer i skuletimane? (Ikkje framandspråk.)

- (1)  Mest nynorsk
- (2)  Mest bokmål
- (3)  Mest dialekt
- (4)  Vekslar

Kva for skriftspråk brukar lærarane når dei underviser i andre fag enn norsk?

- (1)  Mest nynorsk
- (2)  Omtrent like mykje bokmål og nynorsk
- (3)  Mest bokmål
- (4)  Veit ikkje

#### 4) SoMe

Kva for nokre sosiale medium bruker du dagleg?

(Du kan krysse av for fleire alternativ)

- (1)  Snapchat
- (2)  TikTok
- (3)  Messenger
- (4)  SMS
- (5)  Facebook
- (6)  Instagram
- (7)  Twitter
- (8)  YouTube
- (9)  Discord
- (10)  Twitch

Kva for eit språk brukar du *mest* i desse samanhengane?

(Du kan berre krysse av for eitt alternativ for kvar samanheng)

	<b>Nynorsk</b>	<b>Bokmål</b>	<b>Dialekt/ dialektnær</b>	<b>Engelsk</b>	<b>Uaktuelt</b>
a) Melding til venner (t.d. snapchat, messenger, sms)	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
b) Melding til besteforeldre	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
c) Melding til læraren din	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
d) Facebook	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
e) Instagram	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
f) TikTok	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
g) Gaming	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
h) Chat/diskusjonsforum	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>

Kva for nokre av uttrykksformene nedanfor brukar du når du skriv i sosiale medium?

(Du kan krysse av for fleire alternativ)

- (1)  Dialektord
- (2)  Engelske ord
- (3)  Forkortingar
- (4)  Ingen av delane; eg held meg stort sett til nynorsk eller bokmål

Viss du brukar dialektord, engelske ord og/eller forkortingar når du skriv i sosiale medium, skriv inn 3-6 ord og/eller forkortingar som du brukar ofte her. FRITEKSTFELT

## 5) Rettskriving

Kjenner du deg trygg på rettskrivinga?

	Ja, svært trygg	Ja, ganske trygg	Verken trygg eller utrygg	Nei, ganske utrygg	Nei, svært utrygg
Nynorsk	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Bokmål	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>
Engelsk	(1) <input type="checkbox"/>	(2) <input type="checkbox"/>	(3) <input type="checkbox"/>	(4) <input type="checkbox"/>	(5) <input type="checkbox"/>

Kva synest du sjølv er vanskelegast når du skal skrive korrekt nynorsk?

- (1)  Å skilje nynorsk frå bokmål/at eg blandar inn ord og former frå bokmål
- (2)  Å skilje nynorsk frå dialekt/at eg blandar inn ord og former frå dialekten min
- (3)  Veit ikkje

Klarer ungdomsskuleelevar som skriv dialektnært i sosiale medium å følgje offisiell rettskriving for nynorsk når dei skal skrive formelle tekstar på skulen?

- (1)  Ja, dei fleste vil klare å unngå å bruke dialektale ord og former i nynorsken
- (2)  Nei, dei fleste vil blande inn dialektale ord og former i nynorsken
- (3)  Veit ikkje

## Vedlegg 3: Godkjenning frå Sikt

11.05.2023, 13:24

Meldeskjema for behandling av personopplysninger



[Meldeskjema](#) / [Nynorskrettskriving](#) / Vurdering

# Vurdering av behandling av personopplysninger

**Referansenummer**

637377

**Vurderingstype**

Standard

**Dato**

07.02.2023

**Prosjekttittel**

Nynorskrettskriving

**Behandlingsansvarlig institusjon**

Høgskulen i Volda / Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning / Institutt for språk og litteratur

**Prosjektansvarlig**

Stig Jarle Helset

**Student**

Drude Elise Nordang Bale

**Prosjektperiode**

02.01.2023 - 30.05.2023

**Kategorier personopplysninger**

Alminnelige

**Lovlig grunnlag**

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlege grunnlaget gjelder til 30.05.2023.

[Meldeskjema](#)

**Kommentar****OM VURDERINGEN**

Sikt har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.

**FORELDRE SAMTYKKER FOR BARN**

Prosjektet vil innhente samtykke fra foresatte til behandlingen av personopplysninger om barna.

**FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER**

Vi har vurdert at du har lovlig grunnlag til å behandle personopplysningene, men husk at det er institusjonen du er ansatt/student ved som avgjør hvilke databehandlere du kan bruke og hvordan du må lagre og sikre data i ditt prosjekt. Husk å bruke leverandører som din institusjon har avtale med (f.eks. ved skylagring, nettspørreskjema, videosamtale el.)

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

**MELD VESENTLIGE ENDRINGER**

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Se våre nettsider om hvilke endringer du må melde: <https://sikt.no/melde-endringer-i-meldeskjema>

**OPPFØLGING AV PROSJEKTET**

Vi vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

## Vedlegg 4: Avviksskjema

Ligg ved som eigen PDF-fil.